



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE

Hovudmålsbyte blant lærarstudentar ved
HVL

Language change among teacher students
at HVL

Vårin Ekeland

Master i grunnskulelærerutdanning 5-10, fordjuping i norsk

Fakultetet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking

Rettleiar: Jorunn Simonsen Thingnes og Samuele Mascetti

16.mai 2022

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Samandrag

Føremålet med masteroppgåva har vore å undersøke kvifor lærarstudentar vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål. I tillegg ser oppgåva på kva som er grunnane til bytet og korleis bytet skjer. Eg har undersøkt studien si problemstilling ved å gjennomføre ei spørjeundersøking og to intervju. Studien finn at språkstatus og maktforholda skriftspråka har, er den overordna årsaka til dei handfaste grunnane lærarstudentane rapporterer om. Alle grunnane som kjem fram i datamateriale er komplekse, og må sjåast i samanheng. Det kan sjå ut til at hovudmålsbytet dei gjer, er eit pragmatisk byte der dei tilpassar seg dei ulike situasjonane.

På grunn av statusen til bokmål, får nynorskbrukarane ei større bokmåls eksponering når dei byrjar å studere, enn kva dei hadde tidlegare. Det meste av undervisning og pensum er på bokmål, og i tillegg skriv mange av dei andre på studiet på bokmål. Fordi kompetanseforskjellane er så ulike, er det derfor lettare for nynorskstudentar å leggje om til bokmål, enn kva det er for bokmålsstudentar.

I tillegg til dette vert bokmåls eksponeringa for nynorskbrukarar større. Nynorskbrukarar kjem ofte frå områder der nynorsk er majoritetsspråket, der dei har hatt all undervisning på nynorsk, fram til dei byrja å studere. Sjølv om tidlegare forskning finn at skulen er den einaste nynorskarenaen for mange elevar, ser det ut til at det ikkje har noko betydning for korleis praksisen er ved høgare utdanning.

Alt i alt kan det sjå ut til at når lærarstudentar vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål, har dei ein tanke om at dei skal bytte tilbake til nynorsk seinare når dei er ferdig å studere. Dei språkpolitiske føringane som ligg til grunn i høgare utdanning, gjer til at nynorskstudentar kanskje ikkje eigentleg har eit val, fordi dei må tilpasse seg majoritetsspråket hos medstudentar, pensum og undervisning.

Abstract

The purpose of this master thesis is to examine why teacher students choose to change language from nynorsk to bokmål. It also examines the reasons for the language change, and how it happens. I've researched the study's issue by conducting one survey and two interviews to determine why they decide to change. The study finds that language status and the power relations the languages have, is the overall reason to why they decide to change, based on what the teacher students report. All the reasons that emerge in the data material, are complex, and must be seen in context. It may seem that the language change is a pragmatic change, to adopt to the situations.

They adapt to bokmål students for practical reasons. Due to the status of bokmål, nynorsk users get a bigger exposure of bokmål when they start studying, than they had before. Most of the tuition and curriculum is in bokmål, and in addition many of the others in the class writes in bokmål. Because of the difference in competence, it is therefore easier for nynorsk students to switch to bokmål, than it is for bokmål students.

In addition to this, the bokmål exposure for nynorsk students gets bigger when they start studying. Nynorsk users often come from areas where nynorsk is the majority language, where they have had all teaching in nynorsk, until they start studying. Although previous research finds that the school is the only nynorsk arena for many students, it seems that it has no significance for how the actions is in higher education.

In the end, it may seem that when teacher students choose to change their main language from nynorsk to bokmål, they have an idea that they will switch back to nynorsk later when they have finished studying. The language policy guidelines that form the basis of higher education means that nynorsk students may not actually have a choice, because they must adapt to the majority language of fellow students, the curriculum and the tuition.

Føreord

Fem år i saftbygda er komen til vegs ende, og mi tid som student ved Høgskulen på Vestlandet er over for denne gong. Å skulle sei dei orda høgt er både spennande og vemodig, fordi studietida har vore fin og innhaldsrik. Samstundes ser eg fram til å endeleg gå inn i ein kvardag som lærar. Det siste året med masterskriving har vore roleg, men slitsamt på same tid. Dei fleste som kjenner meg veit at eg er ein person som sjeldan stressar, i alle fall ikkje på utsida, og dette året har ikkje vore noko unntak. På innsida derimot, har det til tider vore stressandes, men gode samtalar med rettleiarane mine har gjort meg roleg igjen.

Det er mange som skal takkast for at masterskrivinga har vore overkomeleg. Først må eg gi ein takk til informantane som svarte på spørjeundersøkinga og dei som stilte opp på intervju, utan dykk hadde det ikkje blitt eit prosjekt. Den største takken derimot går til rettleiarane mine Jorunn Simonsen Thingnes og Samuele Mascetti, som har støtta meg heile vegen. Engasjementet dykk har for nynorsk og kompetansen de sitt med er inspirerande, og engasjementet har utan tvil påverka meg. Det nynorske skriftspråket skal vere glad for at det har dykk i ryggen. Engasjementet dykk har vist for oppgåva mi har også vore inspirerande. Kvar gong eg har gått frå eit rettleiingsmøte har motivasjonen vore på topp, og skrivegleda har auka frå gong til gong. Å lage ei spørjeundersøking og få til dei rette aktiveringane hadde nok ikkje vore like lett utan deg Samuele, noko eg sett stor pris på. Jorunn, det upåklagelege arbeidet du har lagt ned i kvar einaste kommentar har gjort meg trygg på at arbeidet mitt er i gode hender.

Eg har hatt mange gode støttespelarar rundt meg, både frå klassen, volleyballgjengen og storfamilien. Frå å kunne dele tankar og idear om problemstilling, til å kunne dele frustrasjon over at ting ikkje har gått heilt som planlagd har vore godt, spesielt med dei som er i same situasjon som meg sjølv. Pausane i kantina vart som oftast lengre enn planlagd, men me kom oss i mål. Til slutt må eg også gi ein takk til venane mine som byta over til å skrive på bokmål medan dei studerte, og som dermed gav meg ideen til oppgåva.

Sogndal, mai 2022

Vårin Ekeland

Innholdsliste

Samandrag	1
Abstract	2
Føreord	3
Liste over figurar og tabellar	7
1.0 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for val av tema.....	1
1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål.....	2
1.2.1 Høgskulen på Vestlandet – HVL.....	3
1.3 Eigen ståstad	4
1.4 Språkpolitiske føringar i høgare utdanning.....	5
1.5 Struktur på oppgåva	6
2.0 Tidlegare forskning	8
2.1 Grepstad – språkfakta 2015.....	8
2.2 Proba samfunnsanalyse – undersøkingar av nynorsk som hovudmål.....	8
2.3 Brunstad – Det saumlause skriftspråket.....	9
2.4 Wold – Kvifor ikkje nynorsk?	10
2.5 Sønnesyn – Skulen som språkplanleggar.....	11
2.6 Lunde – Lokal majoritet, nasjonal minoritet.....	12
2.7 Jegteberg – Von om betre tider?	12
2.8 Eiksund – Mellom borken og veden	13

2.9 Helset og Brunstad – Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventingar mellom ungdomar i det nynorske kjerneområdet	13
3.0 Teori	15
3.1 Språkskifte	15
3.1.1 samfunnsmessige og individorienterte årsaker til språkskifte	16
3.2 Språkhaldningar	17
3.3 Språk og identitet	18
3.3.1 Tilpassingsteorien og sosial nettverksteori	19
3.3.2 Ein nynorsk identitet?	21
4.0 Metode	24
4.1 Kvantitativ metode – spørjeundersøking	24
4.1.1 SurveyXact	26
4.2 Kvalitativ metode – semistrukturert intervju	26
4.3 Transkripsjon og analyse	28
4.4 Utval og rekruttering av informantar	31
4.5 Kritiske metoderefleksjonar	33
4.6 Reliabilitet og validitet.....	34
4.7 Forskingsetiske vurderingar	37
5.0 Presentasjon av funn og drøfting	39
5.1 Kompetanseforskjellar	39
5.2 Større bokmåleksponering.....	41
5.2.1 Kva rolle spelar institusjonen?.....	45

5.3 Tilpassing	48
5.4 Språkleg identitet	50
6.0 Språkstatus og maktforhold, og implikasjonane av desse	53
7.0 Avslutning	58
7.1 Kva er konklusjonen?.....	58
7.2 Forslag til vidare forskning	60
Kjeldeliste	63
Vedlegg	70
Vedlegg 1: NSD-godkjenning.....	70
Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema spørjeundersøking.....	74
Vedlegg 3: Informasjonsskriv og samtykkeskjema intervju	75
Vedlegg 4: Spørjeundersøking.....	75
Vedlegg 5: Intervjuguide	85

Liste over figurar og tabellar

Figur 1 - På kva måte har du bytt frå nynorsk til bokmål?.....	40
Figur 2 - Kva var grunnen til bytet?.....	41
Tabell 1 – Transkripsjonsnøkkel.....	28

1.0 Innleiing

I Noreg har me eit offisielt språk, og to offisielle skriftspråk - nynorsk og bokmål. Sjølv om skriftspråke i dag er jamstilte, er realiteten slik at det er fleire bokmålsbrukarar enn nynorskbrukarar. I tillegg til at det er fleire som er bokmålsbrukarar, blir det færre og færre nynorskbrukarar i grunnskulen. I dag ser det ut til at kvar fjerde nynorskbrukar skiftar hovudmål til bokmål før vedkommande går ut i arbeidslivet (Grepstad, 2015, s. 197). Det er statistikk frå 2015, men ut ifrå undersøkingar som er gjort dei siste åra, kan det sjå ut til at hovudmålsbytet er relevant også i dag. Statistisk Sentralbyrå kunne i 2021 vise til at ein av ni har nynorsk som hovudmål i skulen (Foss, 2022), ein nedgang på 12,8 prosent frå 2001. Sidan det kan sjå ut til at det stadig blir færre nynorskbrukarar, er dette eit tema som er like, om ikkje meir relevant i dag, som for seks år sidan. Det er fordi nynorsk heile tida er under press frå bokmål.

1.1 Bakgrunn for val av tema

Ifølgje læreplanen skal ein som lærar vere med å bidra til at elevar blir trygge språkbrukarar, og kan vareta og utvikle den språklege identiteten sin (Utdanningsdirektoratet, 2020). Ein del av identiteten kan til dømes vere om ein vel å identifisere seg som nynorskbrukar eller bokmålsbrukar. Sjølv om norskfaget har eit særskild ansvar for blant anna å lære elevane å lese og skrive på nynorsk og bokmål, skal elevane utvikle dei ferdigheitene i alle fag. Desse ferdigheitene blir rekna som to av dei grunnleggjande ferdigheitene, og dei må «sjåast både i samheng med kvarandre og på tvers av fag. Dei grunnleggjande ferdigheitene høyrer heime i alle fag, men faga spelar ulike roller i utviklinga av dei ulike ferdigheitene» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Frå eit norsklærarperspektiv er hovudmålsbyte noko som kan vere viktig å ha kunnskap om, fordi ein få ei større forståing for elevar som vel å byte vekk nynorsk til fordel for bokmål. Eit slikt målbyte kan vere problematisk for statusen til nynorsk, fordi det vert færre nynorskbrukarar og mindre nynorskbruk i samfunnet.

I 2018 skreiv Ingrid Wold ei masteroppgåve der ho blant anna viste til Grepstad (2015) si estimering om kor mange som byter hovudmål i dag, som nemnt i innleiinga. Ut ifrå tidlegare forskning veit me ein god del om byte i grunnskulen og i vidaregåande skule (sjå t.d. Brunstad, 2020; Sønnesyn, 2020; Wold, 2020; Lunde, 2020), men så godt som ingenting om hovudmålsbyte seinare enn det. For dei som vel å ta høgare utdanning er jo også det ein del av

tida før ein går ut i arbeidslivet. Eg har ikkje sett noko dokumentasjon på om studentar vel å byte hovudmål, og heller ikkje noko om kvifor dei gjer det. Eg vil derfor forsøkje å finne ut av kva som gjer til at nynorskbrukarar på høgare utdanning vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål.

I 2008 kom Regjeringa med ei stortingsmelding frå det tidlegare departementet, kultur- og kyrkjedepartementet. Det var ei tilråding om å skape ein ny heilskapleg norsk språkpolitikk, med blant anna fokus på å vareta dei språklege rettane til nynorskbrukarane, og eit meir systematisk arbeid for å styrkja det nynorske språket og den nynorske skriftkulturen (St.meld. nr35 (2007-2008), s.14). Vidare i tilrådinga skriv dei at i viktige samfunnssektorar og ikkje minst i næringslivet, i dei riksdekkjande avisene, i reklame og teknologiutvikling er nynorsk så godt som fråverande. Nynorsk har derfor ikkje ein like fullverdig posisjon som det bokmål har – i alle fall ikkje på landsbasis.

I 2020 kom det ei ny tilråding frå Kulturdepartementet om eit forslag til lov om språk (Språklova). Den sa blant anna at statsorgana og fylkeskommunane skulle arbeide med å fremje jamstilling av dei to skriftspråka våre, og å styrkje nynorsk som det minst brukte skriftspråket (Prop. 108L (2019-2020), s.8). Der legg dei også vekt på at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk (s. 10). NRK er noko mange forbind med nynorsk, men tross at mange forbind det med nynorsk, har dei berre klart å nå kravet om minst 25 prosent bruk av nynorsk i innhaldet sitt, to gongar (Svedal, 2022). I den nye tilrådinga kom det eit forslag om at også regionale statsorgan måtte bruke minst 25 prosent av det eine skriftspråket i allment tilgjengelege dokument. Den føreslo at endå fleire offentlege organ skulle få kvotefesta kor mykje regionale statsorgan måtte nytte seg av det eine skriftspråket. Med bakgrunn i det, kan skulen potensielt vere den einaste nynorskarenaen for nynorskbrukarar. Ein bør derfor, som lærar, vere klar over at ein har eit ansvar for å leggje til rette for at elevane skal blir trygge språkbrukarar, og ikkje minst leggje til rette for å vere nynorskbrukar.

1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål

Med dette som bakgrunn har eg utarbeidd følgjande problemstilling for masteroppgåva mi:

Kvifor vel lærarstudentar ved Høgskulen på Vestlandet å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål?

I tillegg til hovudproblemstillinga har eg også utarbeidd to forskingsspørsmål som eg vil svare på i granskinga:

1. Kva er grunnane til bytet?
2. Korleis skjer bytet?

I dette prosjektet skal eg gjennom spørjeundersøking og oppfølgingsintervju finne ut kvifor lærarstudentar vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål, og finne ut kva påverkande faktorar som spelar inn på valet.

I prosjektet har eg gjort vesentlege avgrensingar med tanke på studien sitt omfang. Den første avgrensinga eg har gjort er at eg har valt å ta for meg Høgskulen på Vestlandet som einaste utdanningsinstitusjon, då omfanget truleg hadde blitt mykje større om ein skulle inkludert fleire institusjonar. Valet om å ta for meg akkurat HVL, er fordi institusjonen har nynorsk som hovudmålsform, og det er derfor interessant å sjå kva påverknad det kan ha for dei som studerer der. Innanfor Høgskulen på Vestlandet er det fleire ulike campus rundt om på Vestlandet, eg har valt å ta for meg campusa som tilbyr lærarutdanning. Det vil seie Bergen, Sogndal og Stord. Den andre avgrensinga eg har gjort er at eg berre skal sjå på lærarstudentar som byter hovudmål og ikkje alle studentane ved Høgskulen på Vestlandet. Det er fordi det er interessant å sjå kva lærarstudentar legg til grunn for å byte hovudmål, når dei i utgangspunktet skal meistre begge målformene når dei er ferdige å studere.

1.2.1 Høgskulen på Vestlandet – HVL

I denne oppgåva vil eg bruke forkortinga HVL, når eg omtalar Høgskulen på Vestlandet. Institusjonen er ei samanslåing av Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), Høgskolen i Bergen (HiB) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH). Høgskulen vart etablert i 2017, og blir rekna som ein av dei største utdanningsinstitusjonane i landet (Høgskulen på Vestlandet, 2021). I fusjonsavtalen mellom høgskulane står det blant anna at hovudmålsforma ved den nye institusjonen skal vere nynorsk, og at dei skal ta utgangspunkt i, og byggje vidare på hovudtrekka ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar (Høgskulen på Vestlandet, 2016). Thingnes (2021) spør om nynorskvedtaket ved institusjonen eigentleg vert realisert når det i så stor grad vert lagt vekt på valfridom av bokmål og nynorsk hos dei tilsette (2021, s.157) . Sjølv om hovudmålsforma hos institusjonen er nynorsk, står altså dei tilsette fritt til å velje kva målform dei vil nytte seg av. Ho skriv at ein må spørje seg sjølv om valfridomen til dels

slår bein under heile vedtaket, og såleis potensielt under alle punkta i retningslinjene som handlar om bruk av nynorsk (2021, s. 159).

Frå tidlegare av var HiSF den institusjonen av dei tre som i størst grad nytta seg av nynorsk, etterfølgd av HSH og til slutt HiB (Språkrådet, 2017, s. 3). Nynorsk kan seiast å vere majoritetsspråket i Sogndal og på Stord, medan det er bokmål som er majoritetsspråket i Bergen. Då desse høgskulane vart slått saman vart alle underlagt dei same språkpolitiske føringane, men det var likevel ulikheiter. Thingnes (2021) finn at den geografiske plasseringa studiestadane befinn seg på og dei ulike praksisane dei tilsette hadde før fusjonen, ikkje forsvann i samanslåinga. Det var noko som også kom fram i datamaterialet, fordi gruppe-medlemene kunne vise til at ikkje alle tilsette ved HVL kan nynorsk. Det kom også fram at kvar enkelt tilsett ved institusjonen kan få velje kva målform dei vil nytte seg av. Dette meiner Thingnes (2021) kan forståast som eit strategisk val, men at det også kan forståast som ei redsle for å stille krav til dei tilsette. Ho meiner også at gruppa kunne ha utfordra realiteten ved institusjonen ved å stille strengare krav til nynorskkompetanse og bruk, men det er noko som ser ut til å ikkje vert gjort (Thingnes, 2021, ss. 196–197).

Under dei språkpolitiske retningslinjene for HVL, skriv dei innanfor 5) *oppfølging og språklege kvalitetstiltak*, at dei vurderer å skipa eit språksenter eller liknande. Dei skal blant anna ha i oppgåve å syte for at tilsette og studentar får naudsynt språkkurs, og då særleg i nynorsk. Dei skal også ha i oppgåve å kartelegge språksituasjonen for tilsette og studentar, særleg for dei med anna morsmål enn norsk og engelsk (Høgskulen på Vestlandet, 2018).

1.3 Eigen ståstad

Personleg har eg hatt nynorsk som hovudmål heile livet og er glad i både skriftspråket og dialekta mi. Etterkvart som eg har blitt eldre har eg fått ei større forståing for statusen til nynorsken. I løpet av utdanning har ein lært meir om språksituasjonen i Noreg, og eg har fått eit innblikk i tidlegare forskning om hovudmålsbyte. Etter eg byrja på denne oppgåva, fann eg ut at eg ville melde med inn i Norsk Målungdom. Det er ein landsdekkjande ungdomsorganisasjon som jobbar for nynorsk, dialektar og språkmangfald (Norsk Målungdom).

Ideen bak oppgåva oppstod som eit resultat av at fleire av venane mine byrja å skrive på bokmål etter at dei byrja på vidare utdanning. Dette er venar som på same måte som meg har

skrive nynorsk heile livet, fram til dei siste åra. Etter at eg høyrde dette, byrja eg å tenkje på korleis utviklinga til skriftspråket kom til å bli. Personar som for meg har vore både flinke og trygge i skriftspråket sitt, byrja sakte men sikkert å skrive meir bokmål. Det fekk meg til å lure på om det er andre som også vel å byte hovudmål når dei studerer, og kvifor dei vel å gjere det akkurat då. Eg vel å fortelje om mine egne interesser for fagfeltet, då det er viktig med openheit rundt interessene for å sikre forskinga si truverdigheit og legitimitet (NESH, 2021). Dette er noko eg kjem meir tilbake til i kapittel 4.6 *forskingsetiske vurderingar*.

1.4 Språkpolitiske føringar i høgare utdanning

Som nemnt innleiingsvis, er bokmål og nynorsk jamstilte skriftspråk, men at det i realiteten er fleire bokmålsbrukarar enn nynorskbrukarar. I tillegg er det også fleire nynorskbrukarar som byter hovudmål til bokmål. Sidan realiteten er som den er, har det blitt laga lover og forskrifter som skal vere med å styrkje den norske språkpolitikken, og særleg språkpolitikken for nynorsk. Eit systematisk arbeid for å vareta dei språkelge rettane til nynorskbrukarane, og styrkje det nynorske språket og den nynorske skriftkulturen har blant anna vore nokon av grunngevingane for å utarbeide ulike lover og forskrifter (St.meld. nr35 (2007-2008), s.14).

Dei ulike lovane og forskriftene som er utarbeida, er retta mot spesielle områder som til dømes utdanning. Det finst ulike reglar, lover og forskrifter som gjeld til dei ulike nivåa av utdanning ein tar, og dei kan vere svært ulike. I grunnskulen og vidaregåande opplæring, har ein opplæringslova å forhalde seg til. Til og med 7.trinn er det foreldra som vel kva skriftspråk elevane skal ha i lærebøkene sine. Når elevane byrjar i 8.klasse, er det dei sjølv som vel om dei vil ha nynorsk eller bokmål som hovudmål. På barneskulen er det slik at viss minst ti elevar ber om å få skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn majoriteten i klassen, har dei rett til å tilhøyra ei eige elevgruppe (Opplæringslova, 1998, § 2-5). Dette er ikkje ein rett ein har på ungdomsskulen eller vidaregåande, men det er komen forslag om å utvide retten til å tilhøyre ei eige skriftspråkgruppe også på ungdomsskulen, i forslaget til den nye opplæringslova (Kunnskapsdepartementet, 2021).

I høgare utdanning er det blant anna «forskrift om målform» i eksamensoppgåver som gjeld. Den slår fast at om ein skal ha eksamensoppgåver i andre fag enn norsk, men som blir gitt på norsk mål, skal begge målformene liggje føre. Kandidatane kan også få oppgåvene på nynorsk eller bokmål etter ønske (Forskrift om målform i eksamensoppgåver, 1987, §2). Det er med

andre ord ikkje mange språklege rettar ein har på høgare utdanning, anna at ein kan få oppgåveformuleringane på eksamen på den målforma ein ønskjer. Sjølv om det er ei forskrift om dette, og studentar får oppgåvene på nynorsk, kan det variere kor bra eller om ein i det heile kan kalle språket som blir brukt, nynorsk (sjå t.d. Thingnes, 2015). Ein nyheitsartikkel frå 2016 viste at ein nynorskstudent ved NTNU, tilsynelatande hadde fått oppgåveformuleringa på nynorsk. Ord som kvisleis, millom og fyr var ord som var nytta i oppgåveformuleringane, ord som er svært utdaterte og gamaldagse, eller ord som aldri har vore ein del av nynorsknorma. Med andre ord, eit språk som nynorskbrukarar ikkje vil kjenne seg igjen i (Langåker, 2016).

På høgskular og universitet, har ein ei eige lov som heiter universitet og høgskulelova. Den slår blant anna fast at institusjonen har ansvar for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk (Universitets- og høyskoleloven, 2005, § 1-7). Det norske fagspråket vil vere både bokmål og nynorsk. Utanom desse lovane og forskriftene, kan også universitet og høgskular utforme eigne språkpolitiske retningslinjer, ut ifrå dei lovane og forskriftene som er satt. Høgskulen på Vestlandet har utforma sine retningslinjer med utgangspunkt i at høgskulen skal kunne vere eit språkleg føredøme for norske universitet og høgskular med tanke på god og rett bruk, av blant anna nynorsk, men også bokmål og teiknespråk. Hovudmålforma hos institusjonen er nynorsk, fordi skulen tilhøyrrer kjerneområdet for det nynorske språket. I tråd med målforma, tar dei eit særleg ansvar for å utvikle eit godt og klart nynorsk fagspråk til bruk i høgare utdanning og forskning i Noreg (Høgskulen på Vestlandet, 2018).

1.5 Struktur på oppgåva

Oppgåva er delt inn seks ulike kapittel. I det første kapittelet som du no er ferdig med, kunne du lese om problemstillinga og avgrensingar i forhold til den. I tillegg har du også fått eit innblikk i val av tema og dei språkpolitiske føringane som fins i høgare utdanning. Vidare vil ein i kapittel to kunne lese om tidlegare forskning som vil vere relevant til forskinga mi. Der vil ein finne både bøker, artiklar, rapportar og ulike undersøkingar. I kapittel tre blir teorigrunnlaget for oppgåva presentert. Der kan ein blant anna lese om språkskifte, språkhaldningar og språk og identitet. Deretter kjem metodekapittelet, som blir det fjerde kapittelet. Her vil eg grunngje og drøfte vala som har blitt gjort i dei ulike delane av oppgåva. Metodane som har blitt brukt i innsamlingsprosessen vil bli presentert, og også grunngjevinga

til kvifor det er blitt gjort slik. Deretter vil eg vise kva som er lagt til grunn i utvalet mitt og litt om korleis rekrutteringsprosessen gjekk føre seg, før eg forklarar korleis reliabiliteten og validiteten har blitt sikra gjennom heile oppgåva.

Som avslutning på metodekapittelet vil eg kome inn på kva etiske omsyn som har blitt gjort undervegs og litt om kritiske refleksjonar kring metodane. I kapittel fem er det presentasjon av funn og drøfting som vil bli introdusert. Der vil ein blant anna finne ulike funn frå spørjeundersøkinga og intervjuet, og desse funna vil bli drøfta i lys av tidlegare forskning og relevant teori. Kapittel seks viser kva relevans språkstatus og maktforhold har i oppgåva, og implikasjonane av desse. I siste sjuande og siste kapittel vil det kome ein konklusjon for oppgåva. I tillegg til det vil eg presentere forslaga mine til vidare forskning om temaet.

2.0 Tidlegare forskning

Det finst opp til fleire studiar som ser på kvifor elevar på grunnskulen og/eller vidaregåande har bytt hovudmål frå nynorsk til bokmål. For å finne ut korleis det ligg ann med nynorsk som målform i samfunnet blir skulen brukt som ein av dei viktigaste målestokkane (Sønnesyn, 2018, s. 302). Det er altså i skulen dei fleste granskingane som er gjort tidlegare går føre seg, og eg vil no presentere nokon av desse granskingane.

2.1 Grepstad – språkfakta 2015

Det finst fleire studiar som ser på hovudmålsbyte frå nynorsk til bokmål, men eit studie som ser på kvifor lærarstudentar byter hovudmål har ikkje tidlegare blitt gjort. Ottar Grepstad ga ut boka *Språkfakta 2015 – Ei forteljing om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar*. I den boka har han eit delkapittel som heiter «Høgare utdanning og forskning» der han legg fram statistikk frå ulike undersøkingar om bruk av nynorsk på ulike høgskular og universitet i Noreg. Då han sorterte dataa sine etter fylke, dukka det opp nokon slående trekk. Eit av trekka var at språkstabiliteten i Sogn og Fjordane slo sprekkar då dei unge vaksne drog til academia. 68 prosent av studentar frå fylket hadde hatt nynorsk sidan grunnskulen, og 19 prosent hadde bytt til bokmål (Grepstad, 2015, s. 236).

Hovudsakleg gjer Grepstad (2015) greie for statistikkar. Han forklarar at tabellar aldri viser årsaker, men at ein kan lese ut tendensar frå materialet. Ut ifrå det eine materialet sitt kunne han lese ut tre tendensar frå materialet som var presentert. Det første var at urbanisering og sentralisering gjorde til at ein fekk fleire bokmålsbrukarar. For det andre førte urbanisering og sentralisering til språkskifte, noko ein såg tydeleg i Rogaland og Møre og Romsdal. Dei språkmøta elevane kjem borti, kan få språklege følgjer viss dei er språkleg usikre eller på anna vis. Til slutt viste tendensane at nynorskbrukarane gjerne blir verande nynorskbrukar, viss dei bur i eit miljø der nynorsk pregar kvardagen og er eit respektert fleirtalsspråk (2015, s. 220).

2.2 Proba samfunnsanalyse – undersøkingar av nynorsk som hovudmål

Proba samfunnsanalyse er eit selskap som leverer samfunnsvitskaplege analysar av høg kvalitet (Proba). Dei skreiv blant anna ein rapport i 2014 utarbeida for Utdanningsdirektoratet, om undersøkingar av nynorsk som hovudmål. Der har dei sett på ulike aspekt ved det å ha

nynorsk som hovudmål, og også ein del om lærarstudentar sin nynorskkompetanse (Staalesen, 2014).

Blant anna rapportera dei om at det dei siste åra har vore auka fokus på lærarar sin kompetanse, og betydinga kompetansen har for elevar si læring. Der viser dei til at Hattie (2003) finn at lærarar sin kompetanse er svært sentral for elevane sitt læringsutbytte. Om ein har låg nynorskkompetanse vil det ha innverknad på læringa, både hos elevar som har nynorsk som hovudmål, og hos elevar som har nynorsk som sidemål. Sjølv om det ikkje var gjort studiar med direkte fokus på samanhengen mellom lærarar sin kompetanse og elevane si læring, tyder fleire studiar at lærar sin nynorskkompetanse kan ha konsekvensar for nynorsken på andre måtar. Gallup (2006) fant blant anna at elevar sine haldningar til nynorsk hadde samanheng med korleis læraren vurderte sin eigen nynorskkompetanse (Staalesen, 2014, s. 15).

Eit av funna i rapporten er at forskarane har eit inntrykk av at elevane vel hovudmål ut ifrå eit ønske om at dei vil bruke skriftspråket som eit arbeidsverktøy i skulekvardagen (Staalesen, 2014, s. 4). Eit anna funn er at ingen av skulane som var ein del av utvalet hadde tatt spesielle grep for å styrkje nynorsken ved skulen, eller leggje betre til rette for undervisning for nynorskelevane (2014, s. 5) Dei finn også at mange elevar antek at bokmål er best eigna, om ein skal nå ut til mange. Elevane tenkjer at bokmål blir forstått av fleire, og tilpassar derfor språket sitt ut ifrå eit ønske om å nå ut til flest mogleg (2014, s. 33)

Dei skriv også i *oppsummerande refleksjon* at hovudinntrykket frå dei ulike lærarutdanningane er at ordninga for nynorsk er minimalistiske. Etter enda lærarutdanning er det krav om at ein skal ha lik kompetanse i dei to skriftspråka, men samstundes er det få av lærarutdanningane som faktisk driv med opplæring i nynorsk. Dei avsluttar kapittelet med å seie at analysa deira synleggjer at lærarutdanningane ikkje utviklar profesjonskompetansen som skal sikre kvalifiserte lærarar for elevar med nynorsk om hovudmål, og elevar med bokmål som hovudmål (Staalesen, 2014, s. 7)

2.3 Brunstad – Det saumlause skriftspråket

Med bakgrunn i demografiske og historiske data, drøftar Brunstad (2020) kvifor hovudmålsbyttet frå nynorsk til bokmål vert oppfatta lett og udramatisk hos elevar i Fjell kommune. Dette har han gjort gjennom spørjeundersøkingar og intervju. Det var ulike

grunnar til at elevane valde å byte hovudmål, men det svaret som kom fram hos flest elevar var at det var lettare med bokmål, fordi det var mest likt språket sitt. Likevel klarar ikkje elevane alltid å vise til kva det er med nynorsken som er vanskeleg. Det at bokmål plutselig blir lettare for elevane, kan ein tolke som ein effekt av mindretalsposisjonen til nynorsken, meiner Brunstad (2020). Sjølv om nynorsken har ein mindretalsposisjon i samfunnet, såg det ikkje ut til at skulane i området gjorde særleg tilpassingar for elevar med nynorsk som hovudmål, og dei tilpassingane som vart gjort såg dessutan ut som tilfeldigheiter (2020, s. 197). Han legg også vekt på korleis kodeskifting og språkveksling er med på å påverke eit språkskifte. Språkvekslingsmønsteret har vist seg å vere relevant å sjå på når det er snakk om hovudmålsbyte, og ein kan sjå at det er nynorskbrukarar som vekslar mest mellom nynorsk, bokmål og dialektprega skrivning i private samanhengar.

Vidare kjem det fram mange generelle språkhaldningar hos elevane. Utsegn som «nynorsk er uforståelig, ekkelt og ser ikke bra ut», «hater nynorsk» og «nynorsk suger» tyder på at det er mange elevar som ikkje er så glad i nynorsk, utan å grunnge det noko særleg (Brunstad, 2020, s. 189). Han viser til tidlegare studiar som finn at elevar med bokmål som hovudmål systematisk undervurderer nynorskkunnskapane sin og overvurderer bokmålskunnskapane. Mange av dei studiane som tek for seg språkskifte er primært haldningsgranskingar, og ikkje uventa, får fram haldningar og identitet som viktige faktorar for å skifte eller halde på nynorsken (Brunstad, 2020, s. 175). Språkhaldningar har med andre ord vist seg å vere ein vesentleg komponent innanfor forskning på hovudmålsbyte.

2.4 Wold – Kvifor ikkje nynorsk?

Wold (2020) skreiv i 2020 ein artikkel basert på ei masterstudie som ho gjorde tilbake i 2018. Der tek ho for seg sju ulike studiar (Garthus, 2009; Idsøe, 2016; Kleggetveit, 2013; Krogsæter, 2017; Stemshaug, 2015; Proba Samfunnsanalyse, 2014; Øvrelid, 2014) som gjer greie for språkbortval i randsoner. Desse sju tidlegare forskningane kjem eg ikkje til å gå noko meir innpå, men også dei kan vere relevante å sjå på i forskning om hovudmålsbytet. Ho ser på enkeltstudiar om språkbortval ved skular, og har som føremål å sjå systematisk på eit samla datagrunnlag slik at ho kan seie noko om prosessen (Wold, 2020, s. 77). Dette er ei gransking der ein får ei god oversikt over mange av dei studiane som er gjort om hovudmålsbyte, og ein kan sjå kva mønster som går igjen hos mange av elevane.

Ho finn på same måte som Brunstad mange stigmatiserande utsegn om nynorsken i studiane

ho tek for seg, og viser at dei språklege haldningane til elevane er ein sentral del av granskinga si. Det er negative haldningar både frå dei som skriv nynorsk sjølv, haldningar om andre som skriv nynorsk og til det dei legg i omgrepet nynorsk (Wold, 2020, s. 59). Ho skriv blant anna at elevar har svart at «nynorsk er for bønder og høyrer heime i rurale strøk», «Nynorsk er belastande for samfunnet» og «nynorsk er gamaldags» (Wold, 2020, s. 84). Det argumentet i oppgåva som vart brukt flest gonger då ho skulle sjå kva som var årsakene til hovudmålsbyte, var mangel på kompetanse i nynorsk. Dei meistra med andre ord bokmål betre enn nynorsk.

I den avsluttande drøftinga si, gjer ho greie for at det kan tenkjast at lærarar og administrasjon – bevisst eller ubevisst – ikkje ønskjer å ta stilling til faktumet om at nynorsk og bokmål ikkje er jamstilte. Det kan vere ulike grunnar til det, det kan blant anna vere fordi dei veit det blir reaksjonar, og at nokon vil meine det er unødvendig eller tvang. Det kan også vere fordi mange rett og slett ikkje bryr seg (Wold, 2020, s. 55).

2.5 Sønnesyn – Skulen som språkplanleggar

Sønnesyn (2020) har skrivne ein artikkel der statusen til nynorsken er i fokus. I artikkelen fokusera ho på rolla skulen og læraren spelar for dei skriftspråkvala som elevar på 10.trinn i kommunane Ål, Os og Tysvær gjer. Dette er område som tradisjonelt sett har vore ein del av det nynorske kjerneområdet, men som no er område der nynorsken er under eit visst press. Ho har gjennom spørjegranskingar og fokusgruppeintervju granska på kva måte skulen fungera som ein språkleg stillasbyggjar for nynorskelevar. Ho har med andre ord ei litt anna vinkling på hovudmålsbyte enn dei to andre, fordi ho ser på kva rolle skulen og læraren spelar for språkvala elevane gjer. Eit av funna hennar er at skulen framstår som ein viktig språkbruksarena for nynorskelevane i Ål, Os og Tysvær, då dette for mange er den einaste arenaen for nynorsk (Sønnesyn, 2020, s. 226). Mange av elevane gjer uttrykk for at skulen er primærarenaen sin for nynorsk, altså at det hovudsakleg er der dei får nynorsk input i kvardagen sin. Andre elevar gjer uttrykk for at skulen er den einaste arenaen dei har for nynorsk.

Eit anna funn er at skriftspråksopplæringa hos dei utvalte skulane, er prega av ei usystematisk tilnærming. Potensialet for både eksplisitt og implisitt nynorskopplæring, blant dei utforska skulane, er ikkje fullt utnytta. Ho skriv at ein frå språklæringslitteraturen veit at eksponering for språk er ein nøkkel for å tileigna, og vidareutvikla kompetansen i eit bestemt språk

(Sønnesyn, 2020, s. 226). Elevane rapporterer om at det er tydelege skilje mellom innhaldsfag og språkfag. Dei meiner at lærarane er meir bevisste på kva skriftspråk dei skal bruke i norsktimane, enn når det til dømes er matematikk eller samfunnsfag. Då er det innhaldet, og ikkje språket som står i fokus (Sønnesyn, 2020, s. 217). Dette vitnar om eit ubrukt potensiale for språkeksponeering.

2.6 Lunde – Lokal majoritet, nasjonal minoritet

I same tidsskrift som Sønnesyn (2020), har Lunde (2020) skrive ein artikkel om skriftspråkskifte frå nynorsk til bokmål i robuste nynorskkommunar. Ho tek for seg ungdomsskular i Volda, Sogndal og på Stord gjennom ei digital spørjeundersøking, som ein del av eit større prosjekt om språkbruk mellom unge. Ho delar årsakene til språkskifte inn i tre ulike kategoriar: samfunnsfaktorar, nærmiljøfaktorar og individuelle faktorarar. Innanfor dei individuelle faktorane finn ein blant anna at det er utfordrande å lære seg nynorsk som sidemål, fordi språket blir brukt i mindre grad enn bokmål, og at ein derfor blir mindre eksponert for det utanfor skulen. Det er noko som også såg ut til å gjelde for elevar med nynorsk som sidemål i stabile nynorskområde (Lunde, 2020, s. 136).

Lunde presenterer resultata frå undersøkinga og konkluderer med at det er samfunnsfaktorane og nærmiljøfaktorane som er dei viktigaste faktorane for eit skifte til nynorsk, og dei individuelle faktorane er viktigast i bytte til bokmål (Lunde, 2020, s. 139). Viss ein ser på nærmiljøfaktorane under eitt, er det skulen som språkopplærar som er den viktigaste påverknadsfaktoren (2020, s. 135). Ho nemner også i den avsluttande diskusjonen at ho har gjort mykje liknande funn som i andre undersøkingar på språkskiftet, og viser til Wold (2020). Blant anna at den mest rapporterte årsaka til målbyttet, er dei individorienterte årsakene, og hovudsakleg ferdigheitene elevane har eller ikkje har.

2.7 Jegteberg – Von om betre tider?

I 2021 skreiv Jegteberg (2021) ei masteroppgåve om korleis grunnskulelærerutdanningane i Noreg er med å sikre nynorskkompetansen til studentar på 5-10 retninga utan norsk i fagkrinsen. Ho finn at det er store variasjonar i kva dei ulike utdanningsinstitusjonane gjer for å sikre nynorskkompetansen. Ei gjennomgåande utfordring ho finn er spørsmålet om kven

som skal ta ansvar for nynorskopplæringa. Ho finn også at det er dårlege haldningar til nynorsk spesielt blant dei tilsette ved lærarutdanningane (Jegteberg, 2021). Ho konkluderer med at det blir gjort forsøk på å sikre nynorskkompetanse hos lærarstudentane, men at det i mange tilfelle ikkje lukkast. I tillegg meiner ho at ein treng ei haldningsendring blant lærarane på lærarutdanninga. Viss ikkje dei endrar haldningane, kan det vere avgjerande for den språklege kvaliteten i undervisning i grunnskulen (Jegteberg, 2021, s. 92).

2.8 Eiksund – Mellom borken og veden

I boka *Nye røyster i nynorskforskinga*, skriv Eiksund (2015) ein artikkel basert på ein studie han har gjort om kva syn femtenåringar har til skriving på internett. Han finn at nynorsk ikkje er ein del av identiteten til femtenåringane. Dei vel vekk normert skriving til fordel for dialektskriving når dei skriv på internett, og forbind det å skrive på nynorsk på Facebook, med eldre folk. Når elevane først skal skrive normert viser det seg at elevane finn det like naturleg å bruke bokmål som nynorsk. Nynorsk er altså blitt eit språk som berre har relevans innanfor klasserommets fire veggar (Eiksund, 2015, s. 45). For unge nynorskbrukararar som til vanleg skriv på dialekt i samhandling med andre, og hovudsakleg ser bokmål i det offentlege rom, blir nynorsken nærmast usynleg. Dei opplever med andre ord bokmål som eit nasjonalt språk, nynorsk som eit regionalt språk og dialektbruk som ein personleg språk – og dermed identitetsspråket (Eiksund, 2015, ss. 45–46).

2.9 Helset og Brunstad – Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventingar mellom ungdomar i det nynorske kjerneområdet

Stig J. Helset har skrive ein artikkel i lag med Brunstad, om korleis ungdom i nynorske kjerneområde vekslar mellom nynorsk, bokmål og dialekt nær skriving (Helset & Brunstad, 2020). Dei viser til at erfaringar frå typiske randsoner, viser at språkvekslinga mellom nynorsk ungdom er gjennomgåande kontekstualisert. Med det meiner dei at språkvekslinga heng saman med ulike faktorar som er med å påverke skriftspråkvalet i dei ulike kontekstane. Tekstnormene og mottakarforventingane som gjeld i blant anna språkbrukssituasjonar, ulike sjangrar og medium, er med å påverke språkvala (Helset & Brunstad, 2020, s. 95). Studien finn at det er fleire faktorar som spelar inn på språksituasjonen og språkvekslinga i det nynorske kjerneområdet, men eit av funna er at språkvekslinga ungdomane gjer heng saman med retoriske og pragmatiske tekstnormer (Helset & Brunstad, 2020, s. 115). Det vil seie at

dei vel det skriftspråket som er mest praktisk i dei ulike situasjonane.

3.0 Teori

For at eg seinare skal kunne drøfte resultatane frå spørjeundersøkinga og intervjuane mine vil eg no leggje fram relevant teori for oppgåva. Problemstillinga for oppgåva ser på kvifor lærarstudentar vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål. Med bakgrunn i dette vil språkskifte, språkhaldningar, og språk og identitet vere det teoretiske grunnlaget for å kunne drøfte resultatane i studien. For å gjere teoriframstillinga mest mogleg oversiktleg har eg valt å dele kapittelet inn i 3 ulike delar. Eg vil først gjere greie for språkskifte og kva samfunnsmessige og individorienterte årsaker som kan føre til språkskifte, deretter blir språkhaldningar presentert og kva relevans det kan ha inn mot problemstillinga. Avslutningsvis kjem det ei framstilling om språk og identitet. Der blir sosial nettverksteori, tilpassingsteorien og syn på den nynorske identiteten introdusert.

3.1 Språkskifte

Forskingfeltet om språkskifte vart først definert av Joshua A. Fishman der forskingsobjektet er:

[...] the relationship between change or stability in habitual language use, on the one hand, and ongoing psychological, social or cultural processes, on the other hand, when populations differing in language are in contact with each other (Fishman, 1964, s.32).

Han forklarar ut ifrå definisjonen at språkskifte er eit kontaktfenomen. Det oppstår ved at det er kontakt mellom populasjonar med ulike språk, der forholdet mellom gruppene ofte er prega av ein majoritet-minoritet-relasjon. Dette er tilfelle der det ofte kan resultere i språkskifte eller eit skriftmålsbyte. Minoritetsgruppa tek til å bruke majoritetsspråket, anten ved å skifte språk eller å kodeveksle, slik at majoritetsspråket gradvis blir erstatta med minoritetsspråket (Fishman (1964) i Lunde, 2020, ss. 121–122). Sidan nynorskbrukarar er i eit mindretal nasjonalt, vel eg å omtalte og kategorisere nynorsk som eit minoritetsspråk i denne oppgåva. Sjølv om definisjonen som blir brukt av Fishman hovudsakleg dreier seg om talespråk, kan dei teoretiske innfallsvinklane brukast i denne forskinga også. Det er fordi likskapane mellom fenomenane er såpass store, at dei derfor let seg overføra til språkskifte mellom nynorsk og bokmål.

Kodeveksling vil seie prosessen der ein veksla fram og tilbake mellom språk og det grammatiske systemet deira (García & Wei, 2019, s. 30). Ifølgje Baker (2011, ss. 107–108) kan kodevekslinga variere avhengig av tema, deltakarar og kontekst. Ein kan kodeveksle mellom hovudmålet sitt og dialekta si. Eiksund (2019, s. 52) skriv i artikkelen sin at det i studiar om kodeveksling blir skildra at vekslinga er medvitne val der språkvekslaren brukar dei ulike språkkodane til å posisjonere seg ovanfor ulike samtalepartnarar.

Haugen (1953) gjev ei framstilling av språkskifte der han viser korleis minoritetsspråk effektivt plukkar opp litt og litt frå majoritetsspråket, og blir utsett for akkulturasjonsprosessen (Haugen, 1953, s. 369). Det er prosessen der det skjer ei kulturell endring, der det oppstår utveksling og omtolking av blant anna språk. Det skjer ofte at ein assimilerar til ein anna kultur i ein slik prosess, og som oftast den dominerande kulturen (Tjora A. , 2021). Ein vekslar altså så mykje at ein ender opp med å gjere eit språkskifte. Haugen forklarar vidare at bak læringa av språket ligg det eit sosialt press, og at grunnen til det sosiale presset er den store maktforskjellen dei ulike språka har. Den sosiale prestisjen eller statusen eit språk har, er heilt sentralt i språkskifteprosessen (Haugen, 1953, s. 370).

Ein kan overføre det Haugen (1953) seier, til forholdet mellom nynorsk og bokmål. Sidan nynorskbrukarar i Noreg er i eit mindretal vil det vere dei som utgjer minoritetsgruppa, medan bokmålsbrukarane vil vere majoritetsgruppa. Derfor vil bokmålsbrukarar i somme tilfelle ha ein større maktposisjon enn nynorskbrukarar. Røyneland sin definisjon av språkskifte støttar opp om mitt val om å kategorisere nynorsk som eit minoritetsspråk. Ho forklarar at når ein snakkar om språkskifte dreier det seg vanlegvis om språklege minoritetsgrupper held på det opprinnelege språket sitt, eller om dei blir assimilerte til majoritetsspråket (Røyneland, 2008, ss. 64–65). Eit språkskifte vil dermed skje viss nynorskgruppa blir assimilerte til å bruke bokmål.

3.1.1 samfunnsmessige og individorienterte årsaker til språkskifte

Årsakene til språkskifte kan vere mange og komplekse ifølgje Sønnesyn (2020). Dette er noko som kan stemme med det Røyneland (2008) gjer greie for. Ho og fleire andre forskarar peikar på fire samfunnsmessige hovudfaktorar, som det er semje om at spelar inn på språkskiftet: økonomi, status, demografi og institusjonell støtte (Sjå til dømes Potowski (2013) og Sønnesyn (2018) i Lunde (2020), s.121 og Mæhlum (2007) s. 139).

Den økonomiske faktoren og økonomiske endringar er kanskje den enkeltfaktoren som oftast kan føre til språkskifte. Innanfor den økonomiske delen finn ein urbanisering som ein faktor. Det er noko også Grepstad (2015) gjorde greie for at kunne vere ein faktor i språkskifteprosessen. I lag med den økonomiske delen finn ein ofte den sosiale faktoren eller den sosiale statusen. Grupper med låg økonomisk status har ofte også låg sosial status, og gjerne låge vurderingar av seg sjølv og språket sitt (Røynealand, 2008, s. 65). Av demografiske faktorar finne ein blant anna storleiken på eit språksamfunn og nettverksstrukturen til dette språksamfunnet. Til slutt har ein institusjonell støtte som vil seie bruken av minoritetsspråket innanfor nasjonale, regionale eller lokale institusjonar. Det kan til dømes vere i media, i undervisning, i kulturelle institusjonar eller i administrasjon. Røynealand (2008, s. 66) poengtera her at bruk av minoritetsspråk i utdanning er ein særleg viktig faktor for bevaring.

I tillegg til samfunnsfaktorar har ein også individorienterte faktorar som haldningar og ferdigheiter, og også samanhengen mellom språk og identitet. Språk og identitet er noko som har stått sentralt i sosiolingvistisk forskning lenge, og dei fleste sosiolingvistar er samde om at samanhengen mellom språk og identitet er tett. Det å gjere eit språkskifte kan vere eit utslag av ei identitetshandling, og denne identitetshandlinga kan i stor grad vere påverka av, eller vere eit resultat av, dei nemnte samfunnsmessige faktorane (Sønnesyn, 2018, s. 306).

Når nokon gjer eit språkskifte kan ein snakke om korleis det vart gjort, også kjent som språkskifteprosessen. Ein kan skilje mellom to ulike måtar ein språkskifteprosess går føre seg på, med minst to aksar: ein tidsakse og ein domeneakse. Normalt sett skjer overgangen frå eitt språk til eit anna gradvis, ved at fleire og fleire domene blir omfatta, og fleire og fleire folk skiftar språk innanfor desse domena (Røynealand, 2008, s. 66). Det som tidlegare har vore regelen er at det ikkje er slik at eit språk skiftar brått innanfor eit samfunnsområde eller hos ein generasjon, ifølgje Røynealand (2008). Sjølv om denne prosessen rettar seg mot munnleg språk eller dialekt, kan den kanskje seie noko om korleis det skriftlege språkskiftet går føre seg. Ein vil til dømes gå frå å skrive nynorsk i alle kontekstar, til å vere aktivt fleirspråkleg og bruke bokmål i nokon domene og nynorsk i andre domene, til å bruke bokmål i alle kontekstar.

3.2 Språkhaldningar

Når ein skal undersøke språk, og då spesielt nynorsk, kan det vere relevant å sjå på

språkhaldningar. I ein del av studiane som tek for seg hovudmålsbyte kjem det fram mykje stigmatiserande haldningar til det nynorske skriftspråket, noko ein blant anna kan sjå i Wold (2020). Før eg går over på kva språkhaldningar eigentleg er vil eg først omtale haldningar generelt. Spørsmålet om kva ei haldning er, er stort og mykje omdiskutert, både fordi temaet har vore diskutert innanfor fleire fagfelt og fordi omgrepet er samansett (Johansen, 2005, s. 62). På tross av dette er det mange like definisjonar, men eg har tenkt å nytte meg at Peter Garrett sin definisjon. Han er ein av dei fremste forskarane på feltet om språkhaldning og han definerer ei haldning slik:

[...] an attitude is an evaluative orientation to a social object of some sort, whether it is a language, or a new government policy, etc. And, as a 'disposition', an attitude can be seen as having a degree of stability that allows it to be identified. (Garrett, 2010, s. 20)

Denne definisjonen er basert på Irving Sarnoff (1970) sin «kjernedefinisjon» av kva ei haldning er. Ein kan sjå i definisjonen at ein kan ha ei evaluerande orientering til blant anna språk. Sarnoff (1970, s. 279) skriv også at «a disposition to react favourably or unfavourably to a class of objects», altså at den evaluerande orienteringa kan gjere at ein reagerer positivt eller negativt på eit objekt, eller i dette tilfelle, eit språk.

Noko som er nært knytt til haldningar, er stereotypi. Det vil seie dei oppfatningane og forventingane ein har til både åtferd og personlegheit hos ei bestemt gruppe menneske, på grunnlag av til dømes kjønn, etnisitet og ikkje minst språket deira (Mæhlum, 2008, s. 95). Stereotypi er noko som ligg nært haldningane våre som gjer at ein automatisk får ulike haldningar eller fordommar i møte med nye individ. Til dømes når ein har ein samtale med nokon for første gong, vil språket personen brukar vere med på å danne eit førsteinntrykk. Fordi det finst mykje stereotypiske haldningar mot nynorskbrukarar vil kanskje nokon konvergere i samhandling med andre, altså at dei gjer uttrykk for at dei ikkje tilhøyrer den sosiale gruppa dei eigentleg høyrer. Dette er ein strategi ein kan nytte seg av for å unngå å bli tillagt den stereotypiske oppfatninga (Mæhlum, 2008, s. 114). Det kan ein enkelt gjere ved å skrive bokmål istadenfor nynorsk.

3.3 Språk og identitet

Identitet har lenge stått sentralt i sosiolingvistisk forskning, og dei fleste sosiolingvistar er

samde om at det er eit tett band mellom språk og identitet (Mæhlum, 2008, s. 106). Bandet kan ein blant anna sjå på den måten me sender ut signal om kven me ønskjer å stå fram som, eller kven me faktisk er, gjennom språket vårt (Myklebust, 2015, s. 64). Språket har blitt betrakta som ein av dei viktigaste identitetsskapande faktorane av psykologar, filosofar og antropologar, nettopp fordi det i stor utstrekning er gjennom språket me presenterer identiteten vår (Mæhlum, 2008, s. 106). Språkforskarane Robert Le Page og Andrée Tabouret-Keller (1985) vurderer språkleg åtferd som identitetshandlingar, eller «acts of identity», der individet viser den personlege identiteten si og søker etter sosiale roller ved hjelp av språket (Mæhlum, 2008, s. 106). Tabouret-Keller har sitert seg sjølv i boka *The Handbook of Sociolinguistics* frå 1997 og skriv

The language spoken by somebody and his or her identity as a speaker of this language are inseparable: This is surely a piece of knowledge as long as human speech itself. Language are acts of identity (Tabouret-Keller, 1997, s. 315)

Ut ifrå definisjonen, kan ein seie at kvar gong ein uttrykkjer seg med språket sitt, uavhengig om det er munnleg eller skriftleg, utfører ein ei identitetshandling. Sjølv om ein kan sjå på det å uttrykke seg språkleg som ei identitetshandling, vil forholdet mellom språk og identitet vere ulikt hos personar. Ein kan sjå på identiteten som eit resultat av medvitne val, eit resultat av sosial påverknad eller tilpassingar i dei gitte omgivingane (Eiksund, 2015, s. 37). Nokon tek medvitne val om korleis dei skal vere, medan andre kanskje ikkje gjer det. Det er gjennom samhandling med andre at ein kan oppdage kva identitet ein blir tillagt, og korleis ein bruker den mekanismen til å forstå korleis ein betraktar oss sjølv. Ein kan seie at ein bruker andre som ein spegel, og at det er i denne spegelen ein «ser» seg sjølv (Mæhlum, 2008, s. 111).

3.3.1 Tilpassingsteorien og sosial nettverksteori

Når ein byrja å studere må ein ofte flytte til ein ny plass og lage nye relasjonar til nye individ. For å forklare korleis dei nye relasjonane og den nye plassen kan vere med å påverke den språklege identiteten, kan den sosiale nettverksteorien vere nyttig. Det er ein teori som skal prøve å klargjere kva sosiale krefter som er med å påverke når det enkelte individ blir integrert i ulike fellesskap (Mæhlum, 2008, s. 116). I teorien ser ein på enkeltindivid på eit sosialt mikronivå og studerer korleis individet inngår i det dynamiske samspelet med andre individ. Ordet sosial nettverk i denne samanhengen refererer heilt enkelt til det nettet av uformelle sosiale kontaktar som ein omgir seg med, der familie, vener, medelevar og kollega utgjer dei viktigaste gruppene (2008, s. 116). I sosiolingvistiske undersøkingar har

nettverkstermen blitt brukt på forskjellige måtar. Den kan brukast på ulike måtar i sosiolingvistiske undersøkingar, og ein av dei mest kjente undersøkingane er den som vart føretatt av Lesley Milroy (1980).

Eit viktig mål i studien til Milroy (1980) var å finne ut kva eigenskapar ved eit individuelt sosialt nettverk som fungera som «a norm maintenance mechanism», altså kva mekanisme som held normane i ei gruppe ved like. Han skil mellom ulike nettverk, tett eller ope nettverk, og multiplekse eller uniplekse nettverk (Milroy, 1980, s. 179). I eit tett nettverk kjenner alle kvarandre og det er sosiale relasjonar mellom samtlege medlem i nettverket, som til dømes ein vennegjeng. Eiksund (2015) meiner at det alltid vil føregå ei viss samhandling mellom språkbrukaren og di sosiale omgivnadane, i eit verbalt basert møte (2015, s. 37). Grupper som på ein eller anna måte dannar eit sosialt fellesskap eller sosialt nettverk, vil etter kvart danne seg normer for korleis ein skal bruke språket i gruppa (Eiksund, 2015, s. 37).

Teorien om sosiale nettverk, blir i hovudsak brukt for å beskrive kva mekanismar som påverka individet sitt talemål i samhandling med andre. Men, eg vil hevde at teorien også kan brukast når ein ser på skriftspråket til eit individ. For å forstå meir korleis påverknaden skjer hos eit individ kan ein dra inn den språklege tilpassingsteorien til Howard Giles og Philip Smith (1979).

The interpersonal speech accommodation theory, også kjent som den språklege tilpassingsteorien er utvikla av sosialpsykologar som blant anna Giles og Smith (1979). Utgangspunktet for teorien er ønsket om at ein kan forstå og forklare dei individuelle vekslingane ein som språkbrukarar ofte føretar, som når ein variera talemålet avhengig av blant anna kven ein snakkar med (Mæhlum, 2008, s. 112). Sjølv om tilpassingsteorien hovudsakleg dreier seg om måten ein variera talemålet sitt på, kan teorien også gi oss ein nyttig innfallsvinkel til dei grunngevingane studentane gjer greie for i val av skriftspråk. I teorien er det snakk om to motståande strategiar, ein kan anten konvergere eller divergere. Når ein konvergera inneber det at ein på ein eller anna måte tilnærma seg samtalepartnaren sin måte å snakke på, men når ein divergera opprettheld ein dei allereie eksisterande språklege forskjellane eller også at ein auka den lingvistiske avstanden til samtalepartnaren (Mæhlum, 2008, s. 112).

Teorien ser på språkleg åtferd som ei form for sosial «respons», noko som er basert på språkbrukaren sitt ønske om sosial distanse, alternativt identifikasjon med andre menneske.

Dette er det mest grunnleggjande trekket ved teorien (Mæhlum, 2008, ss. 112–113). Måten ein vel å formulere seg på i val av skriftspråk i samhandling med andre, kan derfor vere ei identitetsmarkering om kven ein vel å identifisere seg som. Ein kan divergere i samhandling med ei bestemt gruppe for å vise at ein ikkje identifisera seg med den gruppa, eller ein kan konvergere for å oppnå aksept hos eit bestemt sosialt fellesskap eller gruppe (Mæhlum, 2008, ss. 113–114).

Å konvergere i samhandling med andre, kan vere ein måte å gi uttrykk for at språkbrukaren ikkje ønskjer å signalisere tilhøyrigheit til det sosiale nettverket sitt. Dette vil vere ein relevant strategi for å unngå å bli tillagt ein bestemt stereotypisk oppfatning (Mæhlum, 2008, s. 114). Språkbrukarar er fleksible, og Mæhlum & Røyneland (2012) viser korleis ein kan nytte seg av nøytralitetsstrategiar for å bli oppfatta som umarkerte, noko som ikkje er så ulikt kva tilpassingsteorien dreier seg om. Dei viser at språkval kan vere basert på ein nøytralitetsstrategi. Dei viser at ulike studiar har vist at i situasjonar der det er fleire varietetar, enten ulike språk eller dialektar, fungerer som ein normeringsinstans, gjerne vert kalla nøytrale språklege strategiar (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 143). Det vil seie at dei umarkerte, «normale» og lite avstikkande måtane å uttrykkje seg på, kan ein overføre til val av skriftelege uttrykk (2012, s. 143). Det er ikkje så ulikt korleis tilpassingsteorien seier at ein kan tilnærme seg motparten. Det er situasjonbestemt om ein vel å tilpasse seg den andre språkbrukaren eller ikkje. Ein kan velje eit språk som gjer at ein blir lagt merke til fordi det er ulikt mottakaren, altså å divergere. Eller ein kan velje eit språk som blir oppfatta som umarkert fordi det er likt mottakaren, å konvergere.

3.3.2 Ein nynorsk identitet?

Ein av dei som har prøvd å forklare kva ein nynorsk identitet er for noko, er Hjalmar Eiksund. Å ha ein nynorsk identitet, handlar ifølgje Eiksund (2015) om at ein skal vere klar over kven som les tekstane ein skriv, og å vite at reaksjonane frå omverda er avgjerande for korleis opplevinga av den identiteten ein har tatt på seg, blir (Eiksund, 2015, s. 39). Han referera til Schei (2007) som finn at det er først når ein bryt med majoriteten i samfunnet, at ein blir merksam på sin eigen identitet som noko som skil seg frå dei andre (Eiksund, 2015, s. 38). Som nynorskbrukar, blir ein heile tida gjord merksam på at skriftspråket ein bruker, skil seg ut fordi ein lev i eit bokmålsdominert samfunn. Dersom ein ikkje gjer medvitne val i møtet med storsamfunnet, vil språket i dei fleste situasjonar bli bokmål, ifølgje Eiksund (2015, s. 38).

Han meiner altså at ein i situasjonar der ein skal uttrykke seg skriftleg til storsamfunnet, vil ein, som oftast, ende opp med å skrive på bokmål viss ein ikkje tar eit medvit val om den språklege identiteten si. Det språklege mindretalet nynorskbrukarane har, kan vere med å gi ei konstant påminning om korleis situasjonen er i samfunnet, og det er først når ein bryt med det som blir sett på som normalt, at ein blir klar over dei normene som finst (Eiksund, 2015, s. 38).

Eiksund (2015) meiner at det finst minst tre måtar å forstå omgrepet «nynorsk identitet» på. (1) nynorsk som eigen etnisitet, (2) nynorsk som utgangspunkt for ein kollektivt samla identitet og til slutt (3) nynorsk som ein del av den personlege identiteten (2015, s. 42). Dette er ikkje ein teori, men Eiksund (2015) sitt syn på kva ulike måtar ein kan forklare ei «nynorsk identitet».

Nynorsk som eigen identitet (1), kan vere eit faktum viss ein følgjer retorikken til nasjonalromantikken. Dersom ein vel å sjå på det nynorske språket som det eigentlege norske skriftspråket, kjem ein farleg nær ein slik nynorsk identitet (Eiksund, 2015, s. 42). Eiksund (2015) viser til at Vestad (2002), har tatt det eit steg lenger og samanliknar den typiske nynorskbrukaren med dei kjenneteikna Fredrik Barth set på etniske grupper. Vestad (2002) konkluderer med at å snakke om nynorskbrukaren som ei eiga etnisk gruppe, kan vere fruktbart. Nynorskbrukarane har egne aviser og institusjonar, og dei definerer gjerne seg sjølv som nynorskbrukar. I tillegg har det utvikla seg nynorsk kjerneområder der nynorsken er meir i bruk enn ellers (sjå Vestad, (2002) i Eiksund (2015), s. 42–43). Nynorskbrukarane kan derfor framstille seg som tilhøyrarar som ei eiga nynorsk etnisk gruppe, fordi dei har alle dei ytre kjenneteikna til å bli definert som ein nynorsk etnisitet.

Nynorsk som ein kollektiv identitet (2), meiner Eiksund (2015) handlar om å sjå på den nynorske identiteten som eit utgangspunkt for ein kollektivt samla identitet. Med det meiner han at nynorsk skulle vere eit samlande språk som skulle skape ein nasjonal identitet som var nasjonsbyggjande. Denne tradisjonelle ideen om å samla identitet for heile nasjonen, etter den tradisjonelle ideen til Ivar Aasen (Eiksund, 2015, s. 43).

Den siste måten å forstå nynorsk identitet på, er nynorsk som ein del av den personlege identiteten (3), og den skildrar Eiksund (2015) som eit postmoderne prosjekt. Han meiner at alle dei språklege vala ein tar, er eit uttrykk for si eiga identitet. Dette er noko som også sosiolingvistar er einige om, som nemnt tidlegare. Eiksund (2015) drar parallellar til dialekta

når ein snakkar om nynorsk, som ein del av den personlege identiteten. Han meiner at det å uttrykkje seg på dialekt i språklege samanhengar, er eit postmoderne fenomen. Kvar ein skild person brukar språket sitt for å vise at dei er annleis enn dei andre (Eiksund, 2015, s. 44).

4.0 Metode

Datamaterialet som ligg til grunn for denne studien er ei spørjeundersøking gjennomført ved campusa Sogndal, Bergen og Stord hos Høgskulen på Vestlandet. I tillegg til ei spørjeundersøking så har eg gjennomført to intervju. Då eg formulerte problemstillinga ville eg vite om det var nokon lærarstudentar som valde å byte hovudmål, og kvifor dei valde å gjere det. I og med at eg ville få oversikt over om det var nokon som valde å byte ville eg samle inn data i form av statistikk, og valet fall derfor på ei spørjeundersøking. Samstundes som eg ville vite årsakene til at lærarstudentane valde å byte, ville eg også ha greie på refleksjonar, erfaringar og haldningar lærarstudentane hadde kring bytte, og bestemte meg derfor for å gjennomføre eit intervju med eit mindre utval i tillegg.

Neteland (2020, s. 51) skriv at valet av metode heng nært saman med problemstillinga, og eg valde derfor ein kombinasjon av kvantitativ metode og kvalitativ metode. Grunnen til at eg valde begge metodane var for å få ei oversikt over om det er studentar som vel å byte, og også kvifor dei vel å byte. Ved å nytte fleire metodar kan ein styrkje validiteten ved at ein får fleire haldepunkt (Krumsvik, 2014, s. 157). I kapittelet blir deltakarane i prosjektet kalla for respondentar eller intervjuobjekt. Dei som svarer på spørjeundersøkinga vert kalla respondentar, då det er personar som gjer respons på undersøkinga. Dei som blir kalla intervjuobjekt er dei personane som blei intervjuet.

4.1 Kvantitativ metode – spørjeundersøking

For å finne ut kvifor lærarstudentar vel å byte skal eg blant anna nytte meg av ei spørjeundersøking. Det er ein av dei suverent mest brukte metodane for å skaffe informasjon om samfunnsforhold, og det heng nok saman med at spørjeundersøkingar er ein svært god metode for å få overblikk over ein situasjon (Stjernholm, 2020, s. 69). Dette er ei utsegn som passa svært godt med det eg ville gjere i forskinga mi. Eg ville få eit overblikk over om det var nokon lærarstudentar som valde å byte hovudmål, og kvifor dei vel å gjere det.

Spørjeundersøkingar blir sett på som ein kvantitativ forskingsmetode. Det er ein såkalla ekstensiv forskingsstrategi, noko som vil seie at det er ein metode som kan vere vidtrekkande, men samstundes mindre djupgåande enn kvalitative metodar (Stjernholm, 2020, s. 70). Ein kan med andre ord seie at spørjeundersøkinga vil gi meir overflatiske svar istadenfor svar med ei djup utgreiing, då ein i ei spørjeundersøking ikkje kan stille noko vidare spørsmål til kvifor

respondenten svarte som hen gjorde.

I undersøkinga var det totalt 27 spørsmål. Dei første spørsmåla i undersøkinga var generelle bakgrunnsspørsmål som gav meg informasjon om respondenten. Spørsmåla var blant anna om kjønn, alder, heimområde, om personen er lærarstudent no og ved kva campus hen studera. I nokon av spørsmåla vart det lagt inn aktiveringar, noko som vil seie at viss personen til dømes svara at hen ikkje har byta hovudmål, vil hen bli sendt til den avsluttande sida i undersøkinga. Dette er med på å styrke validiteten i undersøkinga, fordi eg berre ville ha respondentar som var relevante for undersøkinga, altså studentar som har byta hovudmål frå nynorsk til bokmål. Det å formulere gode spørsmål var noko eg jobba med ei god stund før eg sende ut undersøkinga. Ifølgje Postholm og Jacobsen (2018, s. 179) kan to ord som tyder mykje av det same, bli tolka på ulike måtar hos to ulike personar. Det var derfor viktig å formulere spørsmåla på ein konkret måte slik at respondentane ikkje kunne tolke spørsmåla på ein anna måte enn den som var riktig. Dette er noko som er viktig å ta hensyn til når ein lagar spørjeundersøkingar, slik at spørsmåla blir fatta likt av alle som svarar.

Dei fleste av spørsmåla i undersøkinga hadde svaralternativ som ein kan kalle for kategorisvar, og nominalt målenivå. Det vil seie at ein bruker svara til å gruppere i ulike kategoriar, at ein kan seie om respondentane tilhøyrer same eller forskjellige kategoriar (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 171). Eit døme på det er spørsmålet om studenten skriv master i norsk eller ikkje, og ein kunne svare ja eller nei. Store delar av undersøkinga bestod av spørsmål der respondenten måtte ta eit klart val mellom alternativa, men på nokon av spørsmåla kunne ein også velje fleire alternativ. Alle spørsmåla i undersøkinga måtte svarast på for å kunne gå vidare, med unntak av to spørsmål på slutten. Der fekk respondentane først moglegheit til å skrive inn om dei hadde noko meir dei ikkje fekk sagt tidlegare i undersøkinga, og så eit spørsmål der dei hadde moglegheit til å leggje igjen e-posten sin til oppfølgingsintervju. Før eg sende ut undersøkinga prøvde både eg, rettleiarar og vener undersøkinga fleire gonger for å sjå at alt fungerte, både det tekniske og dei ulike formuleringane. Det vart gjort nokon endringar i formuleringar av spørsmål og svaralternativ basert på responsen eg fekk frå rettleiarar og vener.

Då eg skulle formulere kva spørsmål eg skulle ha med i undersøkinga tenkte eg over kva eg eigentleg ville ha svar på, og spørsmål som kunne vere relevante for hovudmålsbyttet. Då eg skreiv spørsmåla hadde eg også i bakhovudet kva resultat som er komen fram i tidlegare forskning på området. Då eg skulle formulere svaralternativ til spørsmålet om på kvifor dei

hadde byta, tok eg utgangspunkt i resultat som er komen fram i tidlegare forskning og formulerte alternativ ut ifrå det. Ein kan blant anna sjå i Brunstad (2020) at «lettare med bokmål» var den mest brukte grunngevinga for hovudmålsskiftet, og at det i Wold (2020) var mangel på nynorskkompetanse som var den mest brukte forklaringa på språkskiftet. Mykje av grunnlaget for alternativa kan ein sjå under kapittel 2.0 *Tidlegare forskning*. I tillegg til dei alternativa satt eg inn eit alternativ der ein kunne svare med egne ord viss kategoriane ikkje passa til respondenten.

Det er ifølgje Stjernholm (2020) særleg to faktorar som går utover pålitelegheita til spørjeundersøkingar, i tillegg til kven ein faktisk får til å svare på undersøkinga. Det første er at forskaren har lite kontroll over testsituasjonen, noko som påverkar reliabiliteten til testen. Det andre er at ein som forskar ikkje kan vite om respondentane prøver å manipulere testresultata, noko som vil påverke validiteten til testen (Stjernholm, 2020, s. 85). Som forskar har eg med andre ord lite kontroll over testsituasjonen, noko eg var klar over på førehand. Eg har så godt som mogleg sikra meg at undersøkinga blir presentert for aktuelle respondentar, altså lærarstudentar, og ikkje berre tilfeldige studentar, men eg kan fortsatt ikkje garantere at dei som svarte på undersøkinga faktisk svarte sant.

4.1.1 SurveyXact

Då eg skulle velje leverandør av spørjeundersøkinga, rådførte eg meg med rettleiarane mine. Dei anbefalte meg å bruke SurveyXact fordi det var denne leverandøren dei hadde mest erfaring med, og høgskulen hadde avtale med selskapet. Dei er ein del av selskapet Rambøll som stiller høg krav til integritet, sikkerheit, stabilitet og funksjonane i systemet (SurveyXact). Dei skriv blant anna at ein ikkje kan sjå eller bruke IP-adressene til respondentane, noko som er med på å gjer respondentane anonyme.

4.2 Kvalitativ metode – semistrukturert intervju

Eit intervju er ein metode der du samlar inn data gjennom å samtale med ein eller fleire personar (Neteland, 2020, s. 51). Som nemnt tidlegare, valde eg å nytte intervju i tillegg til spørjeundersøkinga for å få ei større forståing for kvifor respondentane valde å byte frå nynorsk til bokmål. Ein kan ikkje stille noko oppfølgingsspørsmål til svara ein får inn i

undersøkinga, og då kan det å ha eit oppfølgingsintervju i etterkant vere med på å få ei større forståing for valet. Det at eg allereie har lese artiklar om hovudmålsbyte frå før av gjer til at forståinga mi ikkje er heilt nøytral. Det er noko Gadamer kalla for ei fordom innanfor den hermeneutiske filosofien (Krogh, 2009, s. 49). Han meinte at hermeneutikk ikkje er ein modell eller ei tilnærming til forskning, men heller ein filosofisk ståstad for menneske si forståing av verda (Høgheim, 2020, s. 169). Ein vil ifølgje hermeneutikken aldri vere heilt objektiv, fortolkaren vil alltid vere betinga av det individuelle og historiske utgangspunktet sitt (Lægreid & Skorgen, 2006, s. 223).

Den hermeneutiske ståstaden er den tilnærminga som vil vere mest sentral i forskinga mi, fordi svara eg får i både intervjuet og spørjeundersøking må tolkast. I tillegg hadde eg allereie ei forståing for kva ulike grunnar som førte til hovudmålsbyte, noko som gjorde at utgangspunktet mitt i forskinga ikkje var heilt objektivt. Det at ein heile tida tolkar nye tekstar, situasjonar, samtalar og liknande med gamle fordommar eller forforståing blir kalla den hermeneutiske sirkelen eller spiralen (Krogh, 2009, s. 53). Forståinga eg får utvikla på bakgrunn av dei enkelte delane i forskinga, spørjeundersøking og intervju, vil kunne bidra til at eg får utvikla heilheitsforståinga for fokusområdet som blir studert. Eg befinn meg då i den hermeneutiske spiralen.

Det er mange ulike måtar å gjennomføre eit intervju på. I prosjektet gjennomførte eg eit semistrukturert intervju med to intervjuobjekt og intervjuforma kan definerast på følgjande måte: «an interview with the purpose of obtaining descriptions of the life world of the interviewee with respect to interpreting the meaning of the described phenomena» (Kvale, 2007, s. 8). Kvale (2007) uttrykkjer i definisjon sin at det sentrale er å innhente skildringar av livsverda til den intervjua, og korleis vedkommande opplever ulike fenomen frå sin ståstad. Krumsvik (2014) skriv at det i intervju blir lagt vekt på ei fenomenologisk og hermeneutisk fortolkingsramme, altså meiningsfortolkinga av fenomenet som blir skildra av informantane (Krumsvik, 2014, s. 125).

I eit semistrukturert intervju har forskar eit overordna mål for intervjuet som er likt for alle subjekta, gjerne med nokon formulerte spørsmål eller tema. Det er semistrukturert på den måten at viss det dukka opp noko uventa som til dømes eit «sidetema» til dei allereie formulerte spørsmåla, så lar ein subjekta snakke vidare om desse (Høgheim, 2020, s. 131). Det er altså ein mellomveg mellom eit strukturert intervju der det er lite fleksibilitet, og eit ustrukturert intervju der heile intervjuet er ei utspørjing utan nokon klare spørsmål.

Når eg skulle skrive intervjuguiden (sjå vedlegg 5) til intervjuvalde eg å formulere fem opne temaspørsmål. Kvar spørsmål tok altså for seg eit tema som eg også hadde hatt spørsmål om i spørjeundersøkinga. Jo opnare intervjusituasjonen er, desto større er sjansen for å få spontane, levande og uventande svar (Dalland, 2020, s. 83), og det var slike svar eg håpa på å få ut av intervjuet. I tillegg til dei opne spørsmåla hadde eg også eit par oppfølgingsspørsmål eg hadde lyst å kome inn på i løpet av dei ulike temaspørsmåla. Til slutt hadde eg eit avsluttande spørsmål om intervjuobjektet hadde noko anna å tilføre som kunne vere relevant for oppgåva.

Intervjuet med studenten i Sogndal vart gjennomført som eit ansikt til ansikt-intervju fordi det var den beste og lettaste måten å gjennomføre det på. Intervjuet med studenten i Bergen derimot, vart gjennomført over zoom. Det er ein rekke fordelar med å ta i bruk intervju over internett, først og fremst at ein har auka moglegheit til å snakke med menneske som befinn seg i stor geografisk avstand frå forskaren (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 178). Eg brukte lydopptakar på begge intervjuvalde eg hadde informert NSD om. Det er den vanlegaste måten å registrere eit intervju på. Ein får konsentrert seg om emnet i intervjuet, og kan seinare gå tilbake for å lytte på kva som vart sagt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 205). Ein av fordelane med å bruke lydopptak er at ein kan overføre opptaka direkte til ei datamaskin. Då kan ein lagre, spele av opptaket med fokus på analyse og ein kan transkribere ved hjelp av eit tekstbehandlingsprogram.

4.3 Transkripsjon og analyse

Etter kvart som intervjuvalde eg gjennomførte, vart dei transkriberte. Dette er ein prosedyre som skal til for å gjere intervjuet tilgjengeleg for analyse. Transkripsjon er altså når ein overfører kunnskapen frå den munnlege intervjusamtalen til ein skriftleg tekst (Kvale & Brinkmann, 2015, ss. 204–205). Når ein transkribera mister ein mange av dei ikkje-verbale elementa som kroppsspråk og pausar, og det kan derfor vere lurt å notere under intervjuet om det er nokon ikkje-verbale element som kan vere relevante. Ein kan dermed seie at transkripsjonar kort sagt er svekkande, dekontekstualiserte attgjevingar av direkte intervjusamtalar (2015, s. 205). Sidan dei ikkje-verbale elementa ikkje er hovudfokus, men meiningsinnhaldet, har eg ikkje funne det nødvendig å gjengi korleis dei ikkje-verbale elementa kom fram i intervjuet. Eg har også valt å transkribere innhaldet på nynorsk, då det ikkje er nødvendig med ein språkleg detaljert analyse.

Når ein skal transkribere eit intervju kan ein gjere det sjølv eller, gjere som i dei fleste intervjuundersøkingar, få ein sekretær eller vitskapleg assistent til å transkribere opptaka (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 207). Sjølv om det blir gjort i dei fleste intervjuundersøkingar, er det fordelar ved å transkribere sine egne intervju. Då lærer ein mykje om sin eigen intervjustil, og ein vil til ei viss grad huske eller gjere seg opp tankar om intervjusituasjonen (2015, s. 207). Det kan vere ein fordel å bruke eit teksthandlingsprogram når ein transkribera, noko eg også gjorde. Eg valde å nytte meg av Word sin transkribering funksjon. Om intervju mine hadde vore lengre hadde eg vurdert å nytte meg av eit program som var laga for transkribering og analyse av tekst. I transkriberinga nytta eg meg av denne transkripsjonsnøkkelen:

Tabell 1 - Transkripsjonsnøkkel

[...]	Delar av sitatet er utelatt
[Tekst]	Informasjon som er sett inn, eller erstattar noko.

Når eg skulle analysere transkriberinga derimot, då nytta eg meg av analyseverktøyet NVivo. Det er eit verktøy for å organisere, lagre og analysere dataa (Alfasoft, 1997). Ein brukar programmet blant anna for å generere kodar og lage kategoriar. I det første steget i kodinga er det svært viktig å vere open og tett på empirien. Kodane bør vere deskriptive, og ikkje laga på bakgrunn av teori, hypotesar, forskingsspørsmål eller planlagde tema (Grønmo, 2016, ss. 266–267; Tjora, 2021, s. 218–219). Koding var ikkje berre enkelt, så eg måtte kode og rekode fleire gongar før eg vart nøgd med kodane mine.

Når ein analysera kvalitativt arbeid er det mange ulike tilnærmingar ein kan bruke, og eg har valt å gjere ei tematisk analyse, som seiest å vere den mest grunnleggjande – og studentvenlege tilnærminga (Johannessen, Rafoss, & Rasmussen, 2018, s. 278). Det er psykologane Virginia Braun og Victoria Clarke som har lansert den tematiske analysen på grunnlag av dei ville tilby ei grunnleggjande og fleksibel tilnærming som kunne brukast i kvalitativ dataanalyse (2018, s. 279). Dei definerer den tematiske analysen som «a method of identifying, analysing, and reporting patterns (themes) within data. It minimally organises and describes your data set in (rich) detail” (Braun & Clarke, 2006, s. 79). Dei er med andre ord opptatt av at ein skal finne ulike tema i dataa ein analysera.

Eg byrja analysa med å generere datanære eller empirinære kodar, altså kodar med utgangspunkt i rådata. Braun og Clarke (2006) definerer koding som «å framheve og sette ord på viktige poeng i dataa våre» (Johannessen, Rafoss, & Rasmussen, 2018, s. 284). Kodane ein bruker her skal gjerne baserast på omgrep som allereie finst i datamaterialet, såkalla «innfødde omgrep» i det som blir kalla «in vivo»-koding (Saldaña, 2013, s. 4). Desse kodane er kun utvikla frå data, og ikkje frå teori, tidlegare forskning eller hypotesar. Eg las gjennom transkriberinga frå intervjuet, og skreiv ein kode for kvart svar som var mest mogleg nært datamaterialet. Det neste steget i ei tematisk analyse er at ein skal kategorisere kodane ein har laga. Istadenfor å byrje rett på kategoriseringa, valde eg å omkode kodane mine på nytt. Det gjorde eg for at kodane skulle bli kortare og meir presise enn dei hadde vore i den datanære kodinga. Eg zooma derfor litt meir ut i omkodinga, og jobba meir strukturert enn eg gjorde i den første kodinga.

Medan ein i kodefase zooma inn på detaljane i materialet, skal ein i kategoriseringa zoome ut og sjå korleis dataa kan settast saman til ein større heilskap (Johannessen, Rafoss, & Rasmussen, 2018, s. 294). I ei tematisk analyse vert kategoriar og tema brukt om kvarandre som same omgrep (2018, s. 280), og det er desse kategoriane som forhåpentlegvis skal vere med på å gi meg svar på forskingsspørsmåla. Etter omkoding enda eg opp med fire ulike kategoriar: Kompetanseforskjellar, større bokmåleksponering, tilpassing og språkleg identitet. I tillegg til desse konkrete årsakene, er også status og maktforhold ein kategori eg vil presentere. Det er ein kategori som ikkje er ei handfast grunn, men ei meir overordna årsak. Etter at eg hadde kategorisert desse kodane var eg ferdig med analysa, og eg kunne ta fatt på siste del i den tematiske analysa; rappotering, også kjent som presentasjon av resultat. Forskingsspørsmåla er det som spelar ei avgjerande rolle i kategoriseringsfasa, og dei kategoriane eg laga i analysa er det eg kjem til å presentere i *5.0 presentasjon av funn og drøfting*.

Seinare kan ein sjå i kapittel 5, at tre av kateogoriane eg presenterer i utgangspunktet er ulike, men som også er ganske komplekse. Grunnen til at eg likevel har valt å omtale dei kvar for seg, er fordi det eksplisitt kjem fram i datamaterialet som tre ulike, handfaste grunnar til hovudmålsbytet. Når ein presenterer dei kvar for seg, kan ein sjå at til tross for at dei er komplekse, er det også ulike årsaker som har ført til same situasjon. Men, dei må sjåast i samanheng, fordi det truleg er den same overordna årsaka som gjer til at dette er grunnar til hovudmålsbyte.

Sidan utvalet ikkje vart så stort, har eg valt å framstille dataa frå undersøkinga deskriptivt, og gi ei tolking ut ifrå kva spørjeundersøkinga viser. Det vil seie at eg forklarar kva som faktisk står i dei ulike statistikkane som eg viser til (Stoltenberg, 2022). Grunnen til at eg har valt å gjere det slik, er fordi datasettet er så lite at det ikkje hadde vore hensiktsmessig å gjennomføre statiske analysar av materialet. Ei deskriptiv analyse vil derfor fortelje kva resultata frå spørjeundersøkinga viser, med eit formål om å få eit meir oversiktleg og forståeleg datamateriale (Postholm, 2010, s. 91) Eg vil derfor presentere statistikkane deskriptivt, og deretter bruke statistikkane i lag med intervju, tidlegare forskning og teori i ei meir analytisk tilnærming.

4.4 Utval og rekruttering av informantar

Det å kome i kontakt med aktuelle respondentar til spørjeundersøkinga mi, viste seg å vere vanskelegegare enn eg hadde trudd. Den opprinnelege planen min var å ta kontakt med studieprogramansvarleg for grunnskulelærarutdanningane ved Høgskulen på Vestlandet, noko eg gjorde. Eg fekk informasjon frå ho om kven eg kunne ta kontakt med på dei ulike campusa, som kanskje kunne hjelpe meg med å dele undersøkinga. Eg tok kontakt med dei aktuelle kontaktpersonane og forklarte situasjonen. Her møtte eg på mi første utfordring eller problem i innsamlingsprosessen. Dei drøfta førespurnaden min i lag med teamleiar, og kom fram til at dei ikkje kunne dele undersøkinga i dei ulike kullrommar slik eg hadde ønska. Dei forklarte at kullromma berre skulle brukast til utdanninga, og støtte rundt den. Dette hadde eg sjølv sagt stor forståing for, og eg måtte finne ein anna løysning. Dei tipsa meg om å ta kontakt med kommunikasjonsansvarleg på HVL, noko eg også gjorde utan hell.

Den alternative løysninga vart å ta kontakt med pedagogikkleiarar rundt om på dei ulike campusa for å høyre om dei kunne dele undersøkinga mi. Eg fekk positivt svar frå eit par lærarar, men fekk i ettertid kontramelding om at dei ikkje kunne dele undersøkinga likevel, på grunn av beskjed frå leiarane sine. Eg måtte på ny tenkte ut ei alternativ løysning, og det vart å ta kontakt med studentar, venner eller kjenningar som kunne dele undersøkinga i klassegruppene sine på Facebook, men også denne løysninga skulle gi meg utfordringar ved eit av campusa. Verken eg eller nokon av venene mine kjente nokon lærarstudentar på Stord som kunne dele undersøkinga. Løysninga her vart å ta kontakt med ein lærarstudent som HVL hadde delt eit intervju med på heimesida si. I tillegg fekk eine rettleiaren min tak i ein kollega

på Stord som delte undersøkinga med klassen sin. I Bergen kjente eg overraskande mange lærarstudentar som delte undersøkinga for meg. Det å dele undersøkinga ved campus Sogndal var derimot ikkje noko problem. Her hadde eg kjennskap til nokon i nesten kvart kull som kunne dele undersøkinga for meg, og i dei kulla eg ikkje kjente nokon fekk eg vener til å dele det med sine vener.

Alle personene eg har hatt kontakt med for å kunne dele undersøkinga med den rette gruppa med folk kan ein kalle for portvakter. Dei vaktar porten som opnar for kontakt med respondentane og kan gi tilgang til feltet. Ofte kan også fleire personar i eit miljø kunne fungere som portvakter (Fangen, 2010, s. 67), slik det gjer i mitt tilfelle. Kvar av portvaktane ga meg tips til kven eg skulle ta kontakt med for å rekruttere dei rette personane til undersøkinga.

Eg brukte spørjeundersøkinga til å informere om at eg trengte lærarstudentar til oppfølgingsintervju. Studentane som hadde fullført heile spørjeundersøkinga kunne legge igjen e-posten sin i slutten av spørjeskjema, slik at eg hadde moglegheit til å ta kontakt med dei som tilbydde seg. Til slutt var det totalt åtte personar som låg igjen e-posten sin. Då eg tok kontakt med nokon av respondentane viste det seg at ikkje alle kandidatane oppfylte kriteriet om at dei hadde byta medan dei gjekk lærarutdanninga, og eg enda til slutt opp med to aktuelle intervjukandidatar. Det var ein student i Bergen og ein i Sogndal. Sidan eg ikkje klarte å nå ut til så mange aktuelle respondentar på Stord, kom det ikkje inn nokon aktuelle intervjukandidatar. Den opphavelige planen om å intervju ein person frå kvar studiestad måtte eg derfor gå vekk ifrå.

Dei kandidatane som vart intervjuet, var to personar eg hadde kjennskap til på førehand. I Sogndal er studentmiljøet lite, og særleg om ein går same type utdanning er det vanskeleg å ikkje ha noko kjennskap til kvarandre. I Bergen hadde eg i utgangspunktet valt ut studentar som eg ikkje hadde kjennskap til, men det viste seg at dei ikkje hadde bytt medan dei gjekk på grunnskulelærarutdanninga. Eg måtte derfor ta den andre personen som hadde svart på undersøkinga, ein person eg hadde kjennskap til. Ei av NESH sine forskningsetiske retningslinjer slår fast at «forskarar har ansvar for å klargjere grenser, forventingar og krav knytta til rolla som forskar ovanfor forskingsdeltakarar» (NESH, 2021).

For å unngå at relasjonen skulle vere med å påverke forskinga, var det viktig at eg som

forskar klargjorde kva rolle eg hadde i intervjuet. Eg ga intervjuobjekta informasjonsskrivet, forklarte korleis intervjuet kom til å gå føre seg og kva type spørsmål eg kom til å spørje. I etterkant av intervjuet vurderte eg truverdet til forskinga mi i og med at eg hadde kjennskap til intervjuobjekta, men eg vurderte at relasjonane mine til intervjuobjekta ikkje var så tette at det ville ha ein påverknad på resultatane. På kva måte eg som forskar kan ha påverka intervjuet, kan ein lese meir om i *4.7 kritiske refleksjonar kring metodane / kritiske metoderefleksjonar*.

Alt i alt vart utvalet på i både spørjeundersøkinga og intervjuet mindre enn eg først tenkte. Det var til slutt 12 respondentar som svarte at dei hadde bytta hovudmål frå nynorsk til bokmål medan dei gjekk på lærarutdanninga. At utvalet til intervjuet vart mindre enn tenkt handlar først og fremst om at det ikkje var så lett å nå ut til respondentar i undersøkinga. I spørjeundersøkinga er det nødvendigvis ikkje negativt at det er få som svarte på undersøkinga. Det kan tyde på at det ikkje er så mange som vel å bytte hovudmål frå nynorsk til bokmål etter at dei byrja på lærarutdanninga. Noko som kan vere ein positiv tendens for nynorsken. Det er sjølvsagt berre ein hypotese og ikkje noko eg faktisk har informasjon om.

4.5 Kritiske metoderefleksjonar

Sjølv om ein vel dei eller den metoden som passar best til prosjektet sitt, vil ein kanskje møte på problem eller svake sider ved til metoden. Einkvar forskingsmetode har ifølgje Everett og Furuseth (2012, s. 128), fordelar og ulemper. Alle metodane vil altså ha styrker og svakheiter, men som eg nemnte innleiingsvis vil valet av metode henge nært saman med problemstillinga (Neteland, 2020, s. 51), og nokon metodar vil derfor vere betre eigna enn andre. Eg har begrunna valet av metode i kapitla om dei ulike metodane, men det er slik at også desse metodane har svakheiter når eg skal svare på problemstillinga mi. Med bakgrunn i det, vil eg no sjå på nokon svakheiter ved dei to metodane. Også i neste kapittel får ein eit innsyn i refleksjonar og val eg har gjort i forskinga.

I eit utstrukturert intervju byggjer intervjuet på samhandling eller kommunikasjon mellom to partar. Eit typisk problem kan vere at forskaren kan vere med å påverke svarta til intervjuobjektet. I kvalitativ forskning slik at forskaren sjølv er forskingsinstrumentet, og er den som skal dokumentere funna som blir gjort (Postholm, 2010, s. 127). Viss forskaren stiller leiande spørsmål, eller på ein eller anna måte opptreer slik at intervjuobjektet føler at hen må svare eit bestemt svar, kan det vere med å påverke reliabiliteten til oppgåva. Til slutt kan

også intervjuobjektet sine svar vere ei feilkjelde. Intervjuobjektet kan gi feilaktig informasjon om egne meiningar eller haldningar, fordi dei vil framstille seg sjølv i eit gunstig lys ovanfor forskaren (Grønmo, 2016, s. 173).

I spørjeundersøkingar kan ein også møte på problem, eller finne svake sider ved metoden. Ei av utfordringane ein kan møte på i arbeid med denne innsamlingsmetoden, greia eg ut om i delkapittel 4.1 *kvantitativ metode – spørjeundersøking*. Det var at respondentane kan tolke spørsmåla i undersøkinga på ulike måtar, eller at dei ikkje forstår spørsmåla. Det at spørsmåla ikkje blir forstått, eller at dei blir misforstått, kan først og fremst føre til upålitelege svar, men det kan også føre til fråfall av respondentar fordi dei ikkje forstår spørsmåla (Grønmo, 2016, s. 210). Det kan vere ulike grunnar til at respondentane ikkje forstår spørsmåla. Respondenten kan ha mangel på kjennskap til forholdet, eller at spørsmålsformuleringane er leiande, fleirtydige, uklare eller språkleg vanskelege. Spørsmåla si rekkjefølgje kan også påverke forståinga. Dette var noko også Posthold og Jacobsen (2018) greia ut om. Noko eg også jobba med å unngå, som nemnt i kapittel 4.1.

Ei anna svakheit ved undersøkinga kan vere at det er få respondentar. Når ein får få respondentar kan det kanskje vere vanskelegare å seie noko om resultatane kan gjelde for andre enn berre dei som har svart på undersøkinga. Datamaterialet kan derfor ikkje brukast til å seie noko om korleis dei generelle forholda er blant nynorske lærarstudentar, men det kan gi oss indikasjonar eller tendensar til korleis situasjonen er for nynorskbrukarar. Dette er noko eg går meir inn på i neste kapittel om reliabilitet og validitet.

Til slutt var det også eit problem at det var ein del ukvalifiserte respondentar som svarte på undersøkinga. Det var gjerne personar som hadde byta hovudmål, men som ikkje hadde gjort det medan dei var lærarstudentar. Fordi eg hadde lagt inn aktiveringar i undersøkinga, gjorde det til at dei personane som var ukvalifiserte vart sendt vekk frå dei spørsmåla som var viktigast for problemstillinga mi.

4.6 Reliabilitet og validitet

I ei forskingsstudie er det viktig å vise omsyn til dei faktorane som inngår i omgrepa reliabilitet og validitet, samt syne korleis ein har gått fram i ein forskingsprosess for å sikre kvaliteten på studien (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 223). Som nemnt har eg brukt både spørjeundersøking og intervju i arbeidet mitt, og eg vil i dei neste avsnitta greie ut om kva

omgrepa *reliabilitet* og *validitet* egentleg tyder, og vise i kva grad det arbeidet eg har gjort oppfyller krava til omgrepa.

Reliabilitet tyder pålitelegheit eller truverdighet, og dreier seg om forskingsresultata si konsistens og truverdighet (Dalland, 2020, s. 246). For å vise reliabilitet skal ein vise korleis forskingsprosessen har føregått slik at andre forskarar eller lesaren kan vurdere metodevalet og eventuelt kome fram til dei same resultata viss ein anna forskar brukar metoden på same måte (Thagaard, 2018, s. 187).

Den ultimate testen for å sjekke reliabilitet til ei oppgåve er å nytte seg av ein «test-retest». Det gjer ein ved å gjenta studien på eit anna tidspunkt for å sjå om resultata er dei same (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 223). Det å gjennomføre ein slik test på spørjeundersøkinga kan vere ein grei måte å teste reliabiliteten på. Men, situasjonen og samfunnet endrar seg heile tida, noko som kan vere med å påverke at ein får eit anna resultat enn kva det opprinnelege prosjektet fekk. Det å gjennomføre ein «test-retest» på ei kvalitativ studie, i mitt tilfelle eit intervju, vil vere svært vanskeleg fordi møtet mellom forskaren og forskingsfeltet og menneska som deltar i studie, vil fortone seg ulikt. Dette er fordi ulike forskarar tar med seg den subjektive og individuelle teorien sin inn i forskinga, og menneske er heile tida i utvikling (Postholm & Jacobsen, 2018, ss. 223–224).

Ved å heile tida forklare kva ein har gjort gjennom innsamlinga og grunnlege vurderingar i metodevalet vil det vere med på å sikre reliabilitet gjennom heile oppgåva, noko også Thagaard (2018) utdjuar. Ho skriv at forskaren må argumentere for reliabilitet ved å gjere greie for utviklinga av data i løpet av forskingsprosessen, og at argumentasjonen skal søke om å overbevise den kritiske lesar om kvaliteten av forskinga og verdien av resultata (Thagaard, 2018, s. 188). Det krev at eg som forskar er ærleg ved dei vurderingane eg har gjort, og at eg har konkrete beskrivingar av det eg har gjort i framgangsmåten. For å sikre reliabilitet gjennom heile forskinga har eg heile tida vore open og kritisk til vala eg har tatt, og vore open på korleis forskingsprosessen har gått føre seg. Det er ikkje utenkjeleg at eg har påverka studien gjennom subjektiviteten min. Ein kan derfor tenkje seg at dei som eventuelt skal nytte seg av ein «test-retest» av prosjektet mitt, ville gjort det same. Sjølv om ein ikkje er heilt objektiv i tolkinga, vil teorien og metoden eg har gjort greie for, leggje opp til at ein truleg ville fått ein tilnærma likt resultat.

Det er mange ulike definisjonar av *validitet*. Ifølgje Kvale og Brinkmann (2015) er ein brei

fortolking av validiteten at det handlar om i kva grad ein metode undersøker det den er meint å undersøke, og om materialet ein innhentar er relevant og gyldig for problemstillinga (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Validitet handlar altså om gyldigheita av dei tolkingane forskaren kjem fram til (Thagaard, 2018, s. 189).

Vi kan skilje mellom to ulike typar validitet, indre validitet og ytre validitet. Ifølgje Postholm og Jacobsen (2018) dreier indre validitet seg om to forhold (2018, s. 229). Det første forholdet går ut på i kor stor grad det er samsvar mellom den verkelegheita ein påstår at ein studera, og analysa dei omgrepa og teorien ein nyttar for å beskrive denne verkelegheita. Eg har gjennom heile oppgåva prøvd å syne at det er indre validitet ved å vise at det er samanheng mellom teorien som vart presentert, metodane som er nytta og dei tolkingane eg har gjort med det som grunnlag. Teorien har blitt presentert av pålitelege og relevante kjelder, og eg har argumentert for kvifor akkurat spørjeundersøking og intervju var dei metodane eg synest kunne gi meg best svar på forskingsspørsmåla.

Det andre forholdet er om i kva grad ein har grunnlag for å uttale seg om kausalitet ut frå det studie ein har gjort, noko Høgheim (2020) kalla årsak-effekt-forholdet (2020, s. 82). Eg kan ikkje sikkert slå fast kva som ligg bak målbyte, men resultata mine kan gi indikasjonar på kva som fører til at studentar byter. Likevel kan eg ikkje heilt sikkert vite kva som førte til kva, og eg kan ikkje vite om det at noko førte til noko for ein student, vil seie at det er slik for andre studentar.

Ytre validitet derimot, handlar om slutningane ein får kan generaliserast til andre kontekstar enn den ein forskar på (Høgheim, 2020, s. 82). Generalisering i kvalitative studiar handlar, ifølgje Kvale og Brinkmann, om at den kunnskapen som bli produsert, kan overførast til liknande tilfelle eller relevante situasjonar (2015, s. 290). Det vil altså seie at studien er generalisert viss ein kan bruke resultata i forskinga mi til å forklare liknande situasjonar. I mitt tilfelle kan ein kanskje seie at kunnskapen frå denne forskinga kan overførast til relevante situasjonar. Som nemnt i førre avsnitt, kan resultata berre gi indikasjonar på kva som fører til målbyte, men det at andre forskarar har funne same resultat for yngre ungdommar kan støtte opp om funna mine. Noko anna som kan vere med på å bidra til at studien til ei viss grad kan generaliserast er den geografiske spreinga til utvalet, då dei er frå ulike geografiske stadar. Utvalet er frå tre ulike campus, og respondentane og intervjuobjekta har er også frå ulike geografiske stadar.

4.7 Forskingsetiske vurderingar

Forskarar skal opptre med aktsamheit for å sikre at all forskning skjer i høve til anerkjende forskningsetiske normer. Dette gjeld også under forbereding til forskning, rapportering av forskning og andre forskingsrelaterte aktivitetar (Forskingsetikklova, 2017, § 4). Når ein gjennomfører eit forskingsprosjekt er det med andre ord ein del etiske krav som må oppfyllest. Dei nasjonale forskningsetiske komiteane har utarbeida generelle forskningsetiske retningslinjer som er laga som ein inngangsport til forskningsetiske prinsipp og hensyn ein skal ta når ein forskar på noko (De Nasjonale Forskingsetiske Komiteene, 2019). I det følgjande vil eg med utgangspunkt i dei generelle forskningsetiske retningslinjene, gjere greie for nokre av dei forskningsetiske vala eg har gjort i samband med studien.

Eit av prinsippa i retningslinjene er at ein skal følgje lovar og reglar. Sidan eg skulle behandle personopplysningar, melde eg prosjektet til Norsk senter for forskingsdata (NSD) og fekk godkjenning. NSD definerer ei personopplysning som «einkvar opplysning som kan knytast til ein person», det kan blant anna vere fødselsnummer, namn, e-postadresse, IP-adresse eller stemme på lydopptak (Norsk senter for forskingsdata). Sidan eg skulle bruke lydopptakar i intervjuet måtte eg melde inn prosjektet mitt. Eg sendte inn søknad før datainnsamlinga starta og fekk svar etter eit par dagar. Der måtte eg blant velje korleis eg skulle oppretthalde konfidensialitet i prosjektet, noko som også er eit prinsipp i dei forskningsetiske retningslinjene. Prosjektet vart godkjent, fordi dei meinte at behandlinga oppfylte krava dei hadde til personvern, integritet og konfidensialitet. Lydopptaka blir også sletta ved prosjektslutt, slik at ikkje personopplysningane vert lagra lengre enn nødvendig.

Eit anna prinsipp i dei forskningsetiske retningslinjene er at ein skal få frivillig informert samtykke. Samtykket skal ifølgje retningslinjene vere informert, frivillig og dokumenterbart, og samtykket forutset også at ein har samtykkekompetanse (NESH, 2021). Sidan alle respondentane og intervjuobjekta er studentar veit eg at dei er over 18 år, og truleg har nok kompetanse til å sjølv kunne bestemme om dei vil delta i forskinga eller ikkje. Sidan eg skulle ha både spørjeundersøking og intervju skreiv eg to ulike informasjonsskriv (sjå vedlegg 2 og 3). Der sto det informasjon om kva formålet med forskinga var, kva det innebar å delta, korleis eg i varetok personvern, rettane til deltakaren og kontaktopplysningar.

I spørjeundersøkinga ga ein samtykke ved å krysse av på første spørsmål om at ein samtykka

til at eg kunne bruke opplysningane til prosjektet vart avslutta. Viss personen svarte nei på dette fekk hen ikkje moglegheit til å svare på fleire spørsmål. I intervjuet derimot vart samtykket henta inn skriftleg før intervjuet tok til. Eg ga så og sei full informasjon om prosjektet i informasjonsskrivet, slik at alle som deltok i forkinga visste kva opplysningane deira skulle brukast til. Det einaste eg ikkje informerte om var at eg også ville ha informasjon om språkhaldningane til respondentane. Grunnen til at eg ikkje informerte om det, er at ein i nokon tilfelle ikkje kan oppgi all informasjon. Det er fordi det kan spele inn på handlingane og interaksjonane som utspelar seg, og at det dermed kan påverke forkinga (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 248). I mitt tilfelle gjekk eg fram ved å gi tilstrekkeleg informasjon om prosjektet. Tilstrekkeleg informasjon bør vere informasjon om hovudhensikta til undersøkinga og korleis resultata skal nyttast (2018, s. 249).

I innleiingskapitlet, *3.1 Eigen ståstad*, gjorde eg greie for kvifor eg har valt å undersøke akkurat dette temaet. Der gjorde eg også greie for ståstaden min, noko som kan vere med å gi både informantane og andre lesarar ei større forståing for kvifor eg har kome fram til dei tolkingane eg har gjort. I kvalitativ forking er det, som nemnt, slik at forskaren sjølv er forskingsinstrumentet. Med det meiner ein at det er forskaren sjølv, som skal måle eller dokumentere dei funna som blir gjort. Postholm (2010, s. 127), understrekar kor viktig det er at dette instrumentet vert skildra godt. Det kan ein gjere ved at forskaren greier ut om eigen teoretisk ståstad og eige utgangspunkt. Då vil lesaren få ei større innsikt til kva som ligg til grunn for dei resultata forskaren presenterer, og det vil styrkje validiteten i oppgåva.


5.0 Presentasjon av funn og drøfting

I dette kapitlet vil eg presentere og drøfte funna frå spørjeundersøkinga og frå intervjua. I drøftinga tek eg utgangspunkt i spørjeundersøkinga, og brukar informasjonen eg fekk frå intervjua til å belyse funna frå spørjeundersøkinga. Funna vil deretter bli drøfta opp mot, og ved hjelp av, teorimaterialet og tidlegare forskning. Det vil seie at eg har analysert materialet frå spørjeundersøkinga og materialet frå intervjua parallelt. Etter kvart som eg fant samanhengar i det kvantitative materialet, såg eg etter informasjon som kunne gi meg ei djupare innsikt i desse resultata, ved hjelp av det kvalitative materialet. Eg har altså veksla mellom dei to materiala for å kunne danne meg eit heilheitleg bilete av kvifor lærarstudentar vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål. Eg har ikkje sett det som hensiktsmessig å skilje analyse og drøfting i to ulike kapittel, og vel derfor å presentere dei i same kapittel.

Underoverskriftene som blir brukt i kapitlet er dei kategoriane eg utarbeida ut frå analysa av materialet mitt, og det er kompetansecforskjellar, større bokmåls eksponering, tilpassing og språkleg identitet. Det som går fram av kapitlet er konkrete og handfaste årsaker til kvifor lærarstudentar har valt å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål. Desse årsakene må forståast ut frå det som deretter kjem i kapittel *6.0 språkstatus og maktforhold, og implikasjonane av desse*.

5.1 Kompetansecforskjellar

I spørsmålet om på kva måte respondenten har bytt frå nynorsk til bokmål på, såg resultata slik ut:



Figur 1 - På kva måte har du bytt frå nynorsk til bokmål?

Som ein kan sjå ut ifrå figuren er det «i samskriving med andre» som har fått flest svar. Det var 10 respondentar som valde dette alternativet. Dette var eit fleirvalsspørsmål der ein kunne velje fleire ulike alternativ, fordi ein kan byte på fleire måtar enn berre ein. Det er derfor mange respondentar på kvart alternativ. I alternativet «i samskriving med andre» er det lagt til eit par dømer for samskriving slik at respondentane skulle forstå kva det innebar. Som ein kan sjå, er det ikkje alle som har bytt i samskriving. Ei mogleg årsak til det, kan kanskje vere fordi dei har skrive saman med andre nynorskbrukarar når dei har skrive oppgåver og liknande i lag med andre. Felles arbeidskrav og gruppeoppgåver er døma som lagt til, noko som er typiske oppgåver på lærarutdanninga. I intervjuet med lærarstudent B kom det fram eit sitat, som er verd å leggje merke til, knytt til kvifor personen valde å byte frå nynorsk til bokmål: «[...]det er jo aldri eit alternativ å skrive på nynorsk når du skriv med andre fordi dei klarar jo ikkje det. Dei reknar liksom med at det er lettare for oss å skrive på bokmål». Student B seier altså her at viss ein samskriv med ein anna person, som er bokmålsstudent, så er det ikkje eit alternativ å skrive på nynorsk. Hen har altså også bytt «i samskriving med andre», slik hen forklarar situasjonen.. Student A forklarar også i spørsmål om kvifor hen valde å byte hovudmål, at hen bytte hovudmål fordi hen skulle skrive masteroppgåva med ein bokmålsstudent.


Eiksund (2015) meiner at i grupper som på ein eller annan måte dannar eit sosialt fellesskap eller eit sosialt nettverk, vil det etter kvart danne seg normer for korleis språket i gruppa skal vere (Eiksund, 2015, s. 37). Dette er noko som kan ha skjedd med nettverket student B har på skulen. Hen beskriv i førre avsnitt at det ikkje er eit alternativ å skrive på nynorsk i situasjonar

der ein samskriv med bokmålbrukarar, slik hen oppfattar det. Det kan vere fordi hen i byrjinga tilpassa seg bokmålsbrukarane i klassen sin, eller i kollokviegruppa si, men at det no blir sett på som ei norm at alle skriv på bokmål når det er samskriving i oppgåver eller arbeidskrav.

For å forstå dei kompetanseforskjellane som fins mellom nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar, må ein sjå på bokmåls eksponeringa nynorskbrukarane blir utsett for i samanheng med kompetanseforskjellane. Bokmåls eksponeringa kjem eg meir inn på i neste kapittel.

5.2 Større bokmåls eksponering

I spørsmålet om kva som var grunnen til hovudmålsbyttet, var det alternativa i diagrammet under, respondentane kunne velje mellom.



Figur 2 - Kva var grunnen til byttet?

Alternativa vart utarbeidde ut ifrå tidlegare forskning på ungdomsskulenivå som har gjort liknande undersøkingar. Dette var på same måte som spørsmålet i figur 1, også eit spørsmål der ein kunne velje fleire alternativ. I tillegg til desse alternativa, kunne respondentane også velje det nedste svaralternativet «anna». Då kunne ein sjølv skrive inn kva som var grunnen til byttet. Som ein kan sjå ut ifrå resultatane, er det alternativa «lettare med bokmål» og «stor eksponering for bokmål» som har fått størst oppslutning.

Som nynorskbrukar er ein heile tida eksponert for bokmål. Det kan til dømes vere i viktige samfunnssektorar, reklame og riksdekkjande aviser. Der er nynorsk så godt som fråverande (St.meld. nr35 (2007-2008), s.14). Ein kan altså vere vane med å bli utsett for

bokmåls eksponering kvar dag. Når ein er nynorskbrukar kjem ein ofte frå stadar der nynorsken er majoritetsspråket, noko som også kjem fram i spørjeundersøkinga. På spørsmål om respondenten var frå eit område der opplærings- eller skulespråket var nynorsk eller bokmål, kunne ein sjå at 82% kryssa av for nynorsk. Dette var respondentar som ikkje nødvendigvis har bytt hovudmål medan dei gjekk på høgare utdanning, men også studentar som truleg har bytt på eit tidlegare tidspunkt.

I intervjuet, kom det fram at intervjuobjekta var blitt meir eksponerte for bokmål no enn tidlegare. I spørsmål om kvifor student B hadde bytt hovudmål, var dette svaret:

«Dei fleste andre i klassen skriv på bokmål og me hadde masse gruppeoppgåver, spesielt det andre året mitt [...] då skreiv eg FOU-oppgåva [på bokmål], og den skreiv eg jo åleine, og då var det jo mest fordi eg hadde skrive bokmål heile året, og det var blitt ganske lett. Det var litt vanskelig å gå tilbake igjen til å skrive nynorsk når eg hadde skrive bokmål i alle oppgåvene fram til då, så det var eigentleg derfor [eg bytte], i tillegg skriv alle lærarane våre på bokmål også»

Denne studenten byrja å veksle mellom nynorsk og bokmål ut ifrå situasjonane hen var i, men enda opp med å gjere eit språkskifte, noko ein kunne sjå i kapittel 5.1 også. Hen skreiv individuelle oppgåver på nynorsk, men brukte bokmål når hen gjorde oppgåver og liknande i lag med andre. I svaret kan ein sjå at studenten seier det var vanskeleg å gå tilbake til nynorsk fordi bokmål var blitt «ganske lett». Det at bokmål plutsleg er blitt lettare, kan tolkast som ein effekt av mindretalsposisjonen til nynorsken. På grunn av mindretalsposisjonen til nynorsk, blir ein truleg mindre eksponert for nynorsk enn bokmål, og det kan vere med å gjere at bokmål vert lettare. Dette er noko også Brunstad (2020) skriv om i konklusjonen sin. Når språkskiftarane kjenner seg meir trygge i bokmålet, og oppfattar bokmål som lettare, gjer det overgangen frå nynorsk til bokmål lite krevjande (2020, s. 196), noko ein kan få inntrykk av at har skjedd med student B. Hen nytta seg av bokmål så ofte på grunn av minoritet-majoritet-relasjonen, at bokmålskompetansen vart så stor at hen bytte hovudmål.

I intervjuet med student B, fortalde hen vidare at etter det andre året på lærarutdanninga, tok studenten seg ei pause frå utdanninga for å finne ut om det var lærar hen ville bli. I studiepausen flytta studenten heim igjen, og jobba blant anna på skule som vikar. Då bytte hen tilbake til nynorsk.

[...] eg har gått meir tilbake til å skrive nynorsk no, [...] ja, så etter det [flytta heim

igjen] har eg skrive på nynorsk. Då jobba eg jo på skulen, så det kan vere det har hatt noko å seie sidan dei skreiv nynorsk der (Student B).

Med andre ord så bytte studenten tilbake til nynorsk allereie året etter at hen hadde bytt hovudmål. Eksponeringa og statusen dei ulike skriftspråka har på ulike stader, anten ulike domene eller ulike geografiske stader, kan altså vere med å påverke eit individ i så stor grad at ein byter fram og tilbake mellom skriftspråk, ut ifrå kva student B seier. Her kan ein kanskje seie at kvar den språklege praksisen føregår, kan vere avgjerande om kva skriftspråk ein vel å nytte seg av. I dette tilfellet refererer kvar, til kva geografisk stad praksisen går føre seg.

Det er ikkje berre student B sitt svar som kan sjå ut som eit resultat av større bokmåleksponering. Student A viser også indirekte til at hen har blitt utsett for meir bokmåleksponering i svara sine no enn tidlegare, men går ikkje så langt som å antyde at det var grunnen til byttet. Student A snakkar indirekte om større bokmåleksponering som ein del av svaret på kvifor hen valde å byte hovudmål. «[...] eg er frå ein nynorskkommune, og har heile tida skrive nynorsk, og det liknar mest på dialekta mi, og så byrja eg på høgskulen, og då gjekk undervisninga over frå å vere på nynorsk til bokmål [...]» (Student A).

Ein kan sjå at studenten har gått frå ein situasjon der hen kanskje ikkje har hatt så stor eksponering for bokmål, fordi hen er frå ein nynorskkommune der alle skriv nynorsk, ifølgje intervjuobjektet. I dag derimot, føregår det meste av undervisninga på bokmål. I eit oppfølgingsspørsmål om hen har vurdert å byte hovudmål tidlegare, svarar studenten at

«På ungdomsskulen så hadde me det grådig greitt fordi, det er jo [stad i Gudbrandsdalen] då. Alle pratar omtrent nynorsk, same på vidaregåande, då gjekk eg i [stad i Gudbrandsdalen]. Der var det akkurat det same, alle i klassen skreiv nynorsk. All undervisning føregjekk på nynorsk. [...] det var ikkje spørsmål om det eingong liksom, det var berre, du har nynorsk som hovudmål og sidemålstentamen den er på bokmål. Så eg har ikkje vurdert det før, ja før no på høgskulen då» (Student A).

Student A har altså aldri vurdert å byte hovudmål tidlegare, fordi nynorsk har vore ein sjølvfølge for han og dei rundt seg før han byrja å studere ved HVL, og byrja å veksle mellom skriftspråka.

Det å skriftspråkveksle, er noko som kjenneteiknar den språklege praksisen til ungdom med

nynorsk som hovudmål. Det er noko Brunstad (2020) avslutningsvis gjer greie for i artikkelen sin. Han går så langt som å seie at skriftspråkvekslinga er omfattande, og viser til kjelder som seier at nynorskbrukarar vekslar mellom nynorsk, bokmål og dialektprega skriving i private samanhengar, i større grad enn kva elevar med bokmål som hovudmål gjer (Brunstad, 2020, s. 194). Dette er noko som kan stemme for studentar også, då det kan stemme overeins med det student A og B signalisera. Student A fortel om akkurat dette som Brunstad (2020) skriv om.

[...] stort sett har eg skrive på nynorsk i alle oppgåver og slikt, men når eg sitt og noterar i undervisning, så kan eg like greitt skrive bokmål for då pratar dei bokmål og då går det fortare. [...] Dei fleste som skriv på PowerPoint og slikt, skriv på bokmål (Student A).

Som ein kunne sjå i *figur 1*, var det mange respondentar som ikkje har bytt skriftspråk når dei noterar i timane. Det er truleg fordi undervisninga er på nynorsk, men det gjeld tydelegvis ikkje alle som til dømes vekslar i samskriving, som ein kan sjå ut ifrå svaret til student A her. Kva skriftspråk som blir nytta i undervisninga, er nok ein vesentleg faktor om ein har kryssa av for det svaralternativet. Studenten skriftspråkvekslar altså mellom nynorsk og bokmål, ut ifrå kvar den språklege praksisen føregår. I motsetning til tidlegare i kapittelet, refererer kvar i denne samanhengen, til i kva domene den skriftlege praksisen føregår. Brunstad (2020) skriv at det er i situasjonar med kodeskifting og språkveksling, at ein ofte gjer eit språkskifte, og at det derfor er relevant å sjå på språkvekslingsmønsteret når ein ser på eit hovudmålsbyte. Det han skriv her, er noko som kan stemme overeins med situasjonen student A beskriver. Hen er klar over kva skriftspråk som blir brukt i dei ulike situasjonane, men vekslinga mellom skriftspråka kan ha vore med på å påverka studenten til eit språkskifte.

I tillegg til avkryssinga i spørjeundersøkinga, var det også studentar som utdjupa svaret sitt då dei valde alternativet «anna». Då svarte ein student at «jeg valgte å bytte til bokmål fordi all pensum var på bokmål, og jeg ville ikke bruke tid på å oversette omgrep til nynorsk». Dette er altså ein nynorskbrukar som valde å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål på grunn av bokmåleksponeringa hen var utsatt for i pensumlitteraturen sin. Som ein kan sjå, har studenten i svaret sitt fortsatt spor av nynorsk sjølv om hen har byta over til bokmål. Respondenten skriv «omgrep», istadenfor «begrep», noko som kanskje kan tyde på at dei som byter hovudmål på fleire ulike måtar, kodevekslar i større grad enn dei studentane som tilpassa målforma etter geografisk stad eller kontekst. Anna enn kva studenten skriv, veit ein ikkje meir om bakgrunnen og konteksten for hovudmålsbyttet for studenten. Men, ut ifrå kva

hen skriv så har denne studenten valt å byte hovudmål til bokmål for unngå meir jobb enn nødvendig på grunn av bokmåls eksponeringa i pensumlitteraturen.

5.2.1 Kva rolle spelar institusjonen?

I Sønnesyn (2020), kjem det fram at skulen er ein svært viktig språkbruksarena for nynorskelevar. I Ål, Os og Tysvær, var dette den einaste arenaen for nynorsk, for mange av elevane (2020, s. 226). Det er truleg realiteten for fleire elevar, anten du er frå eit nynorskområde eller ikkje. Sjølv om dette var forskning gjort på 10.trinn, kan forskinga vere like aktuell på eit høgare utdanningsnivå. Ein forskjell derimot, er at ein på høgare utdanningsnivå ikkje nødvendigvis møter nynorsk på same måte som på lågare utdanningsnivå. På høgare utdanning har ein, i skilnad til grunnskulen, ikkje rett til å få undervisning i eller på nynorsk. Derimot har dei rett til å få oppgåveformuleringane på eksamen på eige målform (Forskrift om målform i eksamensoppgåver, 1987, §2). Dei kan også få svare på valfritt målform, så lenge noko anna ikkje er presisert .

I spørsmål om kva skriftspråk som blir brukt i undervisning på høgskulen, svara studentane dette:

Det er nok stort sett bokmål ja [...] dei fleste som skriv på PowerPoint og slikt, skriv på bokmål, men i oppgåver så skriv eg stort sett på nynorsk da. Men i undervisninga så vil eg seie bokmål nesten 200 %. Det er ikkje mange her som ikkje skriv bokmål (Student A)

Og «Det er jo bokmål, men dei som eg har no i [emne] skriv på nynorsk [...]» (Student B).

Begge studentane meinte altså det var bokmål som vart nytta mest i undervisninga. Den eine studenten uttrykte at det var mest bokmål i undervisninga i Bergen, og den andre studenten ga uttrykk for at det var mest bokmål i undervisninga i Sogndal. Det skal seiast at ingen av desse studentane tek norsk, noko som sikkert spelar inn på refleksjonane og den faktiske språklege praksisen studentane er eksponerte for. Det kan derfor sjå ut til at sjølv om HVL er ein nynorskinstitusjon, er ikkje det noko desse studentane har lagt merke til i undervisningssamanheng. Det kan ha med valfridomen dei tilsette har til å velje om dei vil nytte seg av bokmål eller nynorsk i undervisninga.

Då HVL vart etablert vart det blant anna bestemt at institusjonen skulle vere ein nynorsk

institusjon, men sjølv om det er ein nynorsk institusjon, ser det ut til at dei tilsette står fritt til å velje kva målform dei vil bruke. Sidan det er valfridom til kva hovudmål dei tilsette kan nytte seg av, kan det sjå ut til at dei geografiske plasseringane og dei ulike praksisane dei tilsette hadde før institusjonane vart til HVL, ikkje forsvann med samanslåinga (Thingnes, 2020, ss. 196–197). Før samanslåinga var det altså ulik grad av nynorsk hos dei ulike høgskulane som vart til HVL, og Thingnes (2020, s.159), meiner at valfridomen dei tilsette har, til dels slår bein under heile vedtaket om nynorsk.

Brunstad (2020) kunne vise til at det på ulike ungdomsskular utanfor Bergen, ikkje såg ut til at skulane gjorde særlege tilpassingar for elevar med nynorsk som hovudmål, tross mindretalsposisjonen til nynorsken. Dessutan, kunne det sjå ut som dei tilpassingane som vart gjort, var tilfeldigheiter (2020, s. 197). Dette var funn også kom fram i undersøkinga til Proba om nynorsk som hovudmål. Ingen av skulane som var ein del av utvalet hadde tatt spesielle grep for å styrkje nynorsken ved skulen, eller leggje betre til rette for undervisning for nynorskelevane (2014, s. 5). Sjølv om dette er tilfelle frå grunnskular og vidaregåande, kan det sjå ut til at det er slik på høgare utdanning også. HVL tok grep for å styrkje nynorsken gjennom å ha skriftspråket som hovudmålform og nytte han på nettsider m.m., men i sjølve undervisning ser det ikkje ut til at det er gjort tilpassingar eller styrking for nynorsken, tross mindretalsposisjonen.

Viss ein ser på funnet i Sønnesyn (2020), i samanheng med tilrådinga til kulturdepartementet (Prop. 108L (2019-2020)), kan ein kanskje undre seg over kvifor ein institusjon som har nynorsk som hovudmålsform, ikkje har meir undervisning på nynorsk. Sjølv om studentar ikkje har rett på undervisning på nynorsk, slik ein har i grunnskulen som Sønnesyn (2020) forska på, kan ein spør seg sjølv kvifor dei vel å ikkje nytte seg av meir nynorsk i undervisning. Tilrådinga sa blant anna at ein måtte få til eit meir systematisk arbeid for å styrkja det nynorske språket og den nynorsk skriftkulturen, og at ein må vareta dei språklege rettane (Prop. 108L (2019-2020), s.8). Det kan derfor sjå ut som at HVL tok eit særskilt ansvar for nynorsken då dei avgjorde kva skriftspråk institusjonen skulle nytte seg av, og men at det ikkje kjem godt nok fram for studentane.

Viss det i høgare utdanningsnivå fortsatt er slik at skulen er den einaste nynorskarenaen for studentar, bør kanskje institusjonen ta eit større ansvar for skriftspråket enn kva det kan sjå ut at dei gjer. Ut ifrå teorien eg la fram om at skulen kan vere den einaste arenaen for grunnskuleelevar frå Sønnesyn (2020) si forsking, kan det også vere tilfellet for studentar. Når

ein veit at det er slik, kvifor vel ein då å ikkje gjere noko med det? Dette er eit spørsmål som ein kan stille HVL, og også andre institusjonar, men kanskje særleg til HVL som skulle stå fram som ein tydelig nynorsk profil. Det er fleire forskarar som har uttalt seg om lærarane sin språkkompetanse, og ein av dei er Hattie (2003). Ho finn at lærarar sin kompetanse er svært sentral for elevane sitt læringsutbytte. Låg nynorskkompetanse blant lærarar vil ha ei innverknad på læringa, både hos elevar som har nynorsk som hovudmål og hos elevar som har nynorsk som sidemål (Hattie (2003) i Staalesen, 2014, s. 15).

Som lærar, er det derfor viktig å kunne meistre både nynorsk og bokmål. Om ein busett seg i ein nynorskkommune, må ein nytte seg av nynorsk i undervisninga, og det kan derfor vere lurt å meistre begge målformene. Det er faktisk eit krav at ein skal ha lik kompetanse i begge skriftspråka, etter enda lærarutdanning (Staalesen, 2014, s. 15). Det er derfor særleg viktig å kunne meistre begge skriftspråka om ein skal bli norsklærar, men det er også viktig for lærarar i andre fag, fordi også dei har ansvar for å lære elevar dei grunnleggjande ferdigheitene, og å gjere dei til trygge språkbrukarar.

I overordna del av læreplanverket står det blant anna at grunnskuleopplæringa skal sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, uavhengig av fag, og at ein skal sikre at dei utvikla den språklege identiteten si (Utdanningsdirektoratet, 2020). Dette er noko eg kom inn på i intervjuet. Eg spurde om dei var kjende med dette ansvaret, og om det var noko som vart tematisert i undervisninga.

Dette var svaret studentane hadde: «det? Eh nei, det blir ikkje det. Det har aldri vore fokus på rettskriving i [emne] og [emne], slik som eg hugsar» (Student A), og

Eh nei. Det trur eg ikkje, eg har i alle fall ikkje høyrte noko om det [...], men altså, eg visste jo det på ein måte, at me skal rette liksom, men eg har ikkje tenkt så veldig mykje over det, så eg trur ikkje det har vore noko fokus på det. (Student B)

Begge studentane seier altså at det ikkje har vore noko fokus på det, og at det ikkje er noko dei tenkjer så mykje over, men at dei meiner dei kanskje har høyrte noko om det.

Ut ifrå kva desse studentane svarta, kan det verke som at ikkje alle studentar er klare over dette ansvaret. Ein har kanskje høyrte det bli nemnt, men det er noko som ikkje blir snakka særleg om. I tillegg kan det også sjå ut som at det er noko som ikkje blir tematisert i utdanninga, men igjen må eg leggje til at dette er to studentar som ikkje har norsk som eit av undervisningsfaga

sine. Utfallet av spørsmålet hadde truleg vore annleis om ein hadde spurt ein student som hadde norsk i fagkrinsen sin, då dei har meir fokus på språk. Sjølv om utfallet moglegvis hadde vore annleis om ein spurde nokon med norsk i fagkrinsen, er det likevel viktig å få fram at kravet gjeld for alle lærarstudentar, og at desse studentane derfor burde fått det tematisert i utdanninga si.

Det kan altså sjå ut til at ikkje alle studentar er klare over at dei har dette ansvaret om å sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, og at det er noko som ikkje blir tematisert i undervisninga. Om ein hadde hatt eit større fokus på språk i undervisninga, og ikkje minst variert målforma meir, hadde kanskje fleire nynorskbrukarar heldt på språket sitt. Thingnes (2020) skriv at ikkje alle tilsette ved HVL kan nynorsk. Ho seier vidare at viss HVL hadde stilt strengare krav til nynorskkompetanse og -bruk, kunne institusjonen utfordra realitetane som finst, men det vert ikkje gjort (2020, ss. 159–160). Viss HVL hadde stilt strengare krav til dei tilsette, kunne det vore med på å oppnå ei betre og meir heilskapleg utdanning med tanke på studentane sin nynorskkompetanse. Jegteberg (2021) slår fast i masteroppgåva si at institusjonane som tilbyr lærarutdanning i Noreg, ikkje gjer ein god nok jobb med å sikre nynorskkompetanse hos studentar på 5-10 utan norsk i fagkrinsen sin, det på tross av at nokon av institusjonane gjer eit forsøk (Jegteberg, 2021, s. 89).

Utvikling vedlikehald av språk er noko også universitet og høgskular har ansvar for. Det står skriven i universitet- og høgskulelova at dei har ansvar for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk (Universitets- og høyskoleloven, 2005, § 1-7). Nynorsk er ein del av det norske fagspråket, så høgskulane og universiteta er faktisk lovpålagt å vedlikehalde og vidareutvikle fagspråket. Røyneland (2008, s. 66), poengtera også at bruk av minoritetsspråk i utdanning er ein særleg viktig faktor for bevaring av språket. Noko som også er eit argument for at HVL som er ein nynorsk institusjon, burde ta i bruk endå meir nynorsk.

5.3 Tilpassing

Sidan 83% av respondentane rapporterte at det var i samskriving med andre at dei bytte målform, som ein kunne sjå i figur 1, skal dette tilfelle undersøkast litt til. Som ein kunne sjå i figur 2, kunne ein velje alternativet «anna» om det var andre grunnar enn dei nemnte. Der svarte blant anna Student A: «ho eg skriv master med kan kun bokmål». Det er noko hen utdjupa i intervjuet då eg spurde litt meir om kvifor hen bytte frå nynorsk til bokmål: «[...] Eg

skal skrive med ho [namn] på masteren, og ho er frå [tettstad på Romerike], og der er dei ikkje så gode i nynorsk, så eg er betre i bokmål enn kva ho er i nynorsk». Ut ifrå kva student A svarte, så meinte intervjuobjektet at hovudårsaken til hovudmålsbyte var fordi hen skreiv master med ein medstudent som har bokmål som hovudmål. Student A har med andre ord skrive nynorsk dei første fire åra på lærarutdanninga, men bytte hovudmål det 5.året då hen skulle skrive masteroppgåve med ein bokmålselev.

Ein kan med andre ord seie at student A har tilpassa seg bokmålsstudenten hen skriv masteroppgåva med. Ein kan kanskje seie at tilpassinga ein vel å gjere, kan vere eit resultat av kompetanseforskjellar.

Som ein kunne sjå i *figur 1*, er det berre to av respondentane som har svart at dei har bytt hovudmål «på fritida». Sidan det berre er to av 12 respondentar som har valt å krysse av for «på fritida», kan ein gå ut ifrå at dei 10 andre personane då skriv nynorsk på fritida si. Det kan til dømes vere når ein kommuniserer med vener gjennom ulike kommunikasjonskanalar. Ein kan derfor tenkje seg at dei ti personane som valde å ikkje krysse av for «på fritida», tilpassar seg til majoritetsspråket i offentlege samanhengar, men ikkje i privatskriving. Denne tilpassinga kan, som nemnt, vere eit resultat av kompetanseforskjellane som finst mellom nynorsk- og bokmålsbrukarar.

I Proba rapporten fann dei at det var ein utbredt tanke om at bokmål var den best eigna målforma om ein skulle nå ut til mange. Elevane tenkte at bokmål vart forstått av fleire, og tilpassa derfor språket sitt ut ifrå eit ønskje om å nå ut til flest moglege (Staalesen, 2014, s. 33). Det kan derfor vere slik at studentar vel å nytte seg av bokmål i dei offentlege samanhengane, og nynorsk i privatskrivinga. I tidlegare studiar har det vist seg at elevar med bokmål som hovudmål systematisk undervurderer nynorskkunnskapane sine og overvurderer bokmålskunnskapane (Sjå Berge & Skog, 1998, s. 36, i Brunstad 2020).

Det kan vere ulike grunnar til at nynorskstudentane vel å tilpasse seg bokmålsstudentane. Ein kan tenkje seg at den sosiale statusen til nynorsken er så låg, at nynorskbrukaren ikkje ønskjer å signalisere tilhøyrigheit til språket. På den måten kan ein tilpasse seg bokmålsbrukaren i ulike domene slik at ein ikkje blir assosiert med nynorsken. Det kan ha med at det finst mange negative haldningar til nynorsken. I intervju med studentane så er det ikkje noko som tyder på at dei har fått nokon negative kommentarar eller haldningar, til at dei er nynorskbrukarar. Men, i spørjeundersøkinga kom det likevel fram ein kommentar som kan gi oss eit inntrykk

av at personen har ei stigmatiserende haldning til nynorsk. «Bokmål e best», var ein av kommentarane som vart lagt igjen på spørsmål om respondenten hadde noko meir å tilføya. Med andre ord, så veit truleg nynorskbrukarar at det fins negative haldningar til nynorsken, sjølv om dei ikkje eksplisitt har opplevd det sjølv.

Dei negative haldningane er noko som er godt dokumentert i forskinga om nynorsk på lågare utdanningsnivå, då desse forskingane primært er haldningsgranskingar. I blant anna Brunstad (2020) og Wold (2020), kunne ein lese utsegn som «nynorsk er uforståelig, ekkelt og ser ikke bra ut», og at mange elevar rapporterte om at dei ikkje var noko særleg glad i nynorsk, utan å eigentleg grunnje det (Brunstad, 2020, s. 189). I Wold (2020) kunne ein finne negative utsegn som «nynorsk er for bønder og høyrer heime i rurale strøk» og «å bruke nynorsk er unormalt» (2020, s. 84).

Viss ein ser på tilpassinga til bokmålsbrukaren med bakgrunn i dei negative haldningane til nynorsken, kan det vere forståelig at dei vel å gjere desse tilpassingane, ut ifrå kva stereotypiske haldningar individ kan ha om nynorskbrukarar og nynorsk. Bokmålsbrukaren er også med på forsterke kompetanseforskjellane ved at dei vel å divergere. Det vil seie at bokmålsbrukaren opprettheld dei allereie eksisterande språklege forskjellane, slik at ein aukar den lingvistiske avstanden til nynorskbrukaren (Mæhlum, 2008, s. 112). Det kan vere ulike grunnar til at ein vel å gjere det. Det kan vere ei bevisst handling, fordi dei ikkje vil identifisere seg med det nynorske språket, ellers kan det kanskje vere ei ubevisst handling fordi dei ikkje har høg nok nynorskkompetanse, eventuelt fordi bokmålsbrukarane systematisk undervurdera nynorskkunnskapane sine (Brunstad, 2020, s. 36).

5.4 Språkleg identitet

Det er einigheit blant sosiolingvistar om at det er eit tett band mellom språk og identitet (Mæhlum, 2008, s. 106). Ut ifrå definisjonen til Taouret-Keller (1997), kan ein seie at kvar gong ein uttrykkjer seg med språket sitt, munnleg eller skriftleg, er det ei identitetshandling. Ein kan sjå på det å uttrykke seg språkleg som ei identitetshandling, men det vil nok vere ulikt om ein kan sjå på alle dei språklege måtane å uttrykke seg på som ei identitetshandling. Nokon tek medvitne val, medan andre ikkje gjer det. I tidlegare forskning kan ein sjå at identitet og tilhøyrsløse er ein av årsakene til hovudmålsbyte frå nynorsk til bokmål. I blant anna Wold (2020), kan ein sjå at 15% av svara tilhøyrer argumentet om at elevar ikkje føler seg heime i nynorsken eller at bokmål er meir naturleg for dei.

Studentane som var intervjuet i denne studien hadde begge bytt av praktiske årsaker, der dei tilpassa seg bokmålsbrukarane, slik dei forklara det. Det gjorde også utvalet i Helset og Brunstad (2020s. 115). Dei fann at ungdomane si språkveksling heng saman med retoriske og pragmatiske tekstnormer. Altså at dei tilpassar seg dei ulike tekstnormene som fins. Men, korleis kjem då den språklege identiteten til uttrykk gjennom dei språklege måtane desse studentane vel å uttrykkje seg på? Ifølgje Eiksund (2015) kan ein sjå på identiteten som eit resultat av medvitne val, eit resultat av sosial påverknad eller tilpassingar i dei gitte omgivnadane (2015, s. 37).

I spørsmål om det var personleg vanskeleg å gå over til å skrive bokmål, svarar studentane dette: «Ja, det var eigentleg nokså enkelt. Sjølv sagt vil eg jo helst skrive nynorsk, eg likar jo nynorsk betre enn bokmål [...], [men] ja eg grein ikkje» (Student A), og «Det går eigentleg greitt. Eg tenkjer at det er lettare for meg å skrive bokmål enn det er for dei å skrive nynorsk. Det er lettare for oss å skrive på bokmål, fordi me les jo bokmål heile tida» (Student B).

Begge studentane uttrykker altså at dei synest det gjekk heilt greitt å byte hovudmål, og at det ikkje var personleg vanskeleg for dei. Ein kan derfor hevde at den nynorske identiteten til desse studentane ikkje står så sterkt som ein som ein kunne tru etter å ha skrive nynorsk heile livet. I overordna del av læreplanen står det at ein skal vere med å utvikle identiteten til elevane våre, og gjere dei til trygge språkbrukarar (Utdanningsdirektoratet, 2020). Sidan det er slik at mange nynorskbrukarar ikkje toler bokmålspresset og eksponeringa dei blir utsett for, kan ein kanskje seie at lærarane ikkje har lykkast heilt med å utvikle den språklege identiteten deira, og gjere dei til trygge språkbrukarar. Då student B fekk spørsmål om å fortelje litt om forholdet sitt til nynorsk, svara hen dette:

ja, eg har ikkje sånn veldig forhold til det eigentleg. Eg skriv liksom på nynorsk fordi eg har gjort det heile livet, så trur ikkje eg har så sjukt sterkt forhold til det eigentleg. Sidan det var så enkelt for meg å bytte, eller at det er så enkelt å bytte for meg, når alle andre gjer det [skriv på bokmål].

Student B seier altså sjølv at forholdet til nynorsk ikkje står så sterkt. Hen seier også at: «[...] eg synest jo eigentleg det der dumt at ein blir så påverka av dei andre til å faktisk gå over til å skrive på bokmål når ein er åleine også».

I spørsmåla om kvifor studentane bytte hovudmål er det med andre ord lite som tyder på at identitet og tilhørsle er sentrale forklaringsfaktorar. I dei tidlegare undersøkingane som har

sett på hovudmålsbyte blant ungdomsskule- og vidaregåandelevlar, er identitet og tilhøyrslerevesentlege funn. Sidan studentane rapporterer om at dei hovudsakleg byter hovudmål for å tilpasse seg bokmålsstudentane, og ikkje fordi dei ikkje kjenner ei tilhøyrslere til språket, kan ein kanskje seie at studentar er tryggare i si eiga identitet enn kva yngre ungdommar er.

Det at ikkje nynorsk nødvendigvis er ein sentral del av den personlege identiteten til dei intervjua studentane, er noko Eiksund (2015) også finn i si forskning. Å sjå på den nynorske identiteten som ein del av den personlege identiteten, skildrar Eiksund (2015, s. 43) som eit postmoderne prosjekt. Han finn i si forskning at utvalet hans ikkje ser på nynorsk som ein del av identiteten sin, og at det heller er den skriftlege dialektbruken som er blitt identitetsmerket (Eiksund, 2015, s. 46). Eg veit ikkje om intervjuobjekta mine ser på dialekta som identitetsspråket sitt, men ein kan i alle fall slå fast at dei, på same måte som elevane i Eiksund (2015) si undersøking, ikkje opplever nynorsk som ein viktig del av identiteta si.

Sjølv om identitet nødvendigvis ikkje er ein sentral forklaringsfaktorar i hovudmålsbyte, eller at det er ein viktig del av identiteta, kan det sjå ut til at i alle fall student A har eit sterkt forhold til nynorsken. På spørsmål om det personleg var vanskeleg for hen å byte hovudmål, svarte hen: «[...] då er det ganske greitt å kunne skrive litt bokmål og, men eg kjem nok til å skrive nynorsk ja, til eg dør». Eg vel å påstå at forholdet er sterkt, då hen uttrykker at hen skal skrive nynorsk til hen dør, eit ord som kanskje blir forbunde med ei sterk meining. Så sjølv om student A bytte til bokmål no på høgskulen, gjer hen tydeleg uttrykk for at hen kjem til å nytte seg av nynorsk seinare i livet.

6.0 Språkstatus og maktforhold, og implikasjonane av desse

I der føregåande kapittelet er det ei overordna årsak ein kan seie ligg bak dei ulike årsakene for hovudmålsbyte: statusen og maktforholda dei to skriftspråka har. Ifølgje Haugen (1953) er den sosiale prestisjen eller den sosiale statusen eit språk har, heilt sentralt i språkskifteprosessen (1953, s. 370). Den store maktforskjellen dei to skriftspråka har er grunnen til at det blir eit sosialt press i læringa av språket. Definisjonen til Fisher (1964) om kva eit språkskifte er, slår fast at det er kontakt mellom ulike populasjonar som gjer til at eit språkskifte kan skje. I tillegg er også kontakten påverka av ein majoritet-minoritet-relasjon (s. 32).

Eit godt døme på kontakt mellom ulike populasjonar kan vere i gruppeoppgåver eller arbeidskrav. Sitatet til student B, om at det «ikkje er noko alternativ å skrive på nynorsk» i samskriving fordi bokmålsbrukarane ikkje klarar det, er eit godt døme på at minoritetsgruppa tek til å bruke majoritetsspråket i arbeid med bokmålspopulasjonen. Det er noko som kan føre til at når ein skal gjere arbeid åleine, har ein veksle så mykje mellom nynorsk og bokmål i ulike domene, at det har resultert i eit språkskifte. Veksling det er snakk om for denne studenten, er at hen har veksle fullstendig mellom å bruke nynorsk i nokon domene og bokmål i andre domene. Ut ifrå korleis Røyneland (2008, s. 66) forklarte språkskifteprosessen, har student B gjort språkskifte gjennom domeneaksen. Hen bytte gradvis i fleire og fleire domene, til hen til slutt bytte skriftspråk. I oppgåver saman med andre har hen nytta seg av bokmål, medan i individuelt arbeid har hen brukt nynorsk heilt til hen gradvis byrja å skrive bokmål i begge domena.

Når ein gjer oppgåver der det er både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar, slik som i gruppeoppgåver og arbeidskrav, får ein kontakt mellom populasjonar som har skriftspråk med ulik status. Dette er også noko Lunde (2020) gjer greie for når ho skriv om språkskifte (2020, s. 121). Ho viser også til Haugen (1953), som gjev ei framstilling av korleis språkskifteprosessen føregår. Han viser korleis språkskifte skjer når minoritetsspråket effektivt plukkar opp litt og litt frå majoritetsspråket, og til slutt blir utsett for akkulturasjonsprosessen (1953, s. 369). Altså prosessen som kan gjere at ein assimilerar til ein annan kultur, og som oftast den dominerande (Tjora A. , 2021). På grunn av statusen og dominansen til bokmål, kan det altså sjå ut som det ikkje er eit alternativ å skrive på nynorsk i

lag med andre.

Det at hen veksla fullstendig mellom nynorsk og bokmål, og deretter enda opp med å gjere eit språkskifte, var det som skjedde med denne studenten. Student B sa i intervjuet at «[...] Det var litt vanskelig å gå tilbake igjen til å skrive nynorsk når eg hadde skrive bokmål i alle oppgåvene fram til då, så det var eigentleg derfor [eg bytte]». Dette var ein del av svaret på kvifor hen hadde bytt hovudmål frå nynorsk til bokmål på lærarutdanninga. Studenten forklarte at dei i løpet av 2.året på utdanninga hadde svært mange gruppeoppgåver, og at hen då skreiv på bokmål. Då hen skulle skrive FOU-oppgåva, var det blitt så naturleg å skrive på bokmål at hen fortsette med det på den individuelle oppgåva også. Ein kan derfor seie at språkskiftet er eit resultat av kontakten mellom populasjonane, slik Fishman (1964) si definisjon gjer greie for.

Ein kan også tenkje at makttilhøvet mellom skriftspråka er så skeiv, at i praksis så opplever nynorskbrukaren det å måtte gå over til bokmål i møte med bokmålsbrukaren, ikkje som urimeleg. Ein kan altså seie at maktubalansen er såpass innarbeidd at bokmålsbrukaren ikkje treng etablera dominansen sin som majoritetsgruppe. Nynorskbrukaren føyer seg spontant, og kanskje meir eller mindre ubevisst, inn i det skeive tilhøvet. I siste del av sitatet til student B seier hen at «[...] dei reknar liksom med at det er lettare for oss å skrive på bokmål», noko ein kan sjå på som eit resultat av det skeive makttilhøvet. Som nemnt tidlegare, har tidlegare studiar vist at elevar med bokmål som hovudmål systematisk undervurderer nynorskkunnskapane sine og overvurderer bokmålskunnskapane (Sjå Berge & Skog, 1998, s. 36, i Brunstad 2020). Kombinasjonen av at bokmålsbrukaren undervurderer nynorskkunnskapane sine, og at nynorskbrukaren ofte har ein høg bokmålskompetanse, resulterer det i at nynorskbrukaren endar opp med å føye seg for majoritetsspråket.

Maktforskjellen som kjem av det sosiale presset kan altså vere med å påverke kompetansen nynorsk- og bokmålsbrukarar har i sidemålet sitt. Sidan språka har ulik grad av status, vil det kanskje vere lettare for nynorskbrukarar å tilpasse seg til bokmål, enn kva det er for ein bokmålsbrukar å tilpasse seg nynorsk. I og med at bokmål har ein høgare sosial status enn nynorsken på landsbasis, er det bokmål som blir brukt i mange av dei samfunnslege domena. Aviser og NRK er derfor viktige domene for nynorsken. Likevel er statusen til nynorsk skjør og råka av endringar i mediebruken. I nokon av dei største avisene er det faktisk uttalt politikk at ein ikkje får nytte nynorsk i spaltene (Røyneland, et al., 2018)

Funna mine viser at studentar med nynorsk som hovudmål blir utsett for press og bokmåls eksponering. Studentane rapporterer om at presset og eksponeringa er kraftigare no enn kva det var under tidlegare skulegang. Språklova me har i Noreg skal vere med å styrkje og utvikle det nynorske språket, blant anna. I tillegg til den lova er det laga egne lover som skal vere med å sikre dette på ulike samfunnsnivå, og ein av dei er universitet- og høgskulelova. Den presiserer at utdanningsinstitusjonane har ansvar for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk. Det vil seie at ein burde tatt i bruk meir nynorsk for å følgje opp lovene, slik at skriftspråket kan utviklast endå meir som fagspråk. For at nynorskstudentar ikkje skulle blitt utsatt for like mykje bokmåls eksponering som det dei gjer i dag, kunne ein til dømes tatt i bruk språkdelte klassar eller kollokviegrupper. Det vart det gjort hos det juridiske fakultetet ved UiB for å prøve å styrkje nynorsk som fagspråk. Dei tilpassa og organiserte nynorske arbeidsgrupper blant anna for at nynorskbrukarane kunne halde på målforma si (Ljosheim, 2016, s. 16).

Når det gjeld undervisning og pensum, er det store forskjellar frå det å vere elev til det å vere student. Når ein er student har ein færre språklege rettar enn kva ein har når ein er grunnskule- eller vidaregåandelev. Ein har blant anna ikkje rett til å få pensumlitteratur på nynorsk om ein vil det, slik ein har i grunnskulen og på vidaregåande. Ein blir dermed utsett for ei større bokmåls eksponering som student i motsetning til då ein var elev. Når studentar uttrykkjer at bokmål er blitt «lett» fordi hen har skrive så mykje bokmål, er det noko ein bør vere merksam på. I spørjeundersøkinga var det ein student som utdjupa at hen hadde byta hovudmål fordi undervisninga føregjekk på bokmål, og at det derfor var lettare å skrive notat frå undervisninga på bokmål. To andre studentar utdjupa at fordi pensumlitteraturen var på bokmål, var det lettare å byte over til bokmål som hovudmål slik at ein slapp å bruke tid på å oversette omgrep til nynorsk. Grunnar som dette er gode argument for at det burde vore meir pensum på nynorsk.

Eg fann at det språklege ansvaret ein har som lærarar, ikkje vart tematisert i undervisninga hos dei intervjuja studentane. Dei ikkje hadde fått noko kunnskap eller informasjon om at dei skal kunne sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, uavhengig av fag, og at ein skal sikre den språklege identiteten til elevane. Viss det er slik at fleire studentar ikkje er klare over ansvaret dei har for å sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, og at det er noko som ikkje blir tematisert i undervisninga, vil eg gå så langt som å seie at det er kritikkverdig av institusjonen. Det er noko som også er blitt avdekka tidlegare. Jegteberg (2021) finn at fleire institusjonar sviktar på å sikre nynorskkompetanse.

Regjeringa sin språkpolitikk slår fast at institusjonane eksplisitt er forplikta til å bruke minst 25 prosent av begge målformer i skriftlege tekstar. Ei undersøking gjort av språkrådet viser at ni av ti utdanningsinstitusjonar ikkje oppfyller dette målkravet (Svendsen, 2019). Når institusjonane ikkje klarar å følgje opp dette kravet, kan det visualisere ei negativ haldning ovanfor studentane sine. Sidan nynorskbrukarar ofte er ein minoritet i klasserom, burde kanskje utdanningsinstitusjonar, i dette tilfellet HVL, tatt eit større ansvar for å leggje til rette for nynorskstudentane. HVL oppfyller krava regjeringa har sett for bruk av nynorsk og bokmål i kanalane sine, men jamt over er det eit problem at nynorsk er fråverande hos utdanningsinstitusjonane.

Vidare utdanning må ta innover seg korleis staa er hos studentar med nynorsk som hovudmål for å kunne gjere noko med det. Når forskning om hovudmålsbyte på lågare utdanningsnivå slår fast at skulen for mange er den einaste arenaen dei møter nynorsk på, kan ein berre tenkje seg korleis situasjonen er for studentar. Det er ikkje sikkert at skulen i det heile er ein nynorskarena for nynorskbrukarar lenger, fordi ein ikkje har så mange språklege rettar som gjer at ein blir eksponert for nynorsk i studiekvardagen. Dette er noko som vil variere frå institusjon til institusjon og campus til campus. Ved HVL er nynorsken synleg til dømes på nett og i skilting, men nynorskstudentar ved UiO eller UiT til dømes, vil derimot sjå svært lite nynorsk på campus.

I kapittel 1.2.1 *Høgskulen på Vestlandet*, nemnte eg at HVL vurderer å skipa eit språksenter som skulle syte for at tilsette og studentar fekk naudsynt språkkurs, særleg i nynorsk. Sjølv om HVL oppfyller krava til regjeringa for bruk av nynorsk og bokmål, finn eg at det kan vere eit behov for eit slik senter. Valfridomen dei tilsette har når det kjem til bruk av nynorsk, viser at det er mange studentar som møter bokmål i tavlundervisninga. Dette er også tilfellet i Sogndal, som i utgangspunktet er ein stad der nynorsk står sterkt.

For å summere opp, vil nynorskbrukar heile tida bli gjort merksam på at skriftspråket ein bruker skil seg ut frå andre, fordi ein lev i eit bokmålsdominert samfunn (Eiksund, 2015, s. 38). Det har nok vore med på å gjere det lettare for ein nynorskbrukar å tilpasse seg bokmålsbrukarar. Ein nynorskbrukar vil bli meir eksponert for bokmål i samfunnet, i motsetning til kva ein bokmålsbrukar blir eksponert for nynorsk. Dette kan, igjen, vere på grunn av den store bokmålsseksponeinga nynorskbrukarar møter, men også på grunn av dei store maktforskjellane hos språka. Eiksund (2015) meiner at dersom ein ikkje gjer medvitne val i møtet med storsamfunnet, vil det bli brukt bokmål i dei fleste situasjonar (2015, s. 38).

Ein kan tenkje seg at nynorskbrukarar tilpassar seg bokmålsbrukarane ubevisst.

Nynorskbrukaren vel kanskje å tilpasse seg bokmålsbrukaren fordi det av praktiske årsaker vil gjere arbeidet lettare for alle som er med i skrivearbeidet. I rapporten til Proba (2014) fekk dei eit inntrykk av at elevane valde det skriftspråket som fungerte best som eit arbeidsverktøy i skulekvardagen. Dei valde altså den målforma som dei tenkte skulle gjere skulekvardagen enklast mogleg (Staalesen, 2014, s. 4). Det kan altså sjå ut til at det ikkje berre er grunnskuleelevar som gjer det, men at studentar også vel å gjere det slik. Sidan kompetanseforskjellane i sidemålet vil vere ulik hos nynorsk- og bokmålsbrukarar, vil det vere lettare for nynorskbrukarar å nytte seg av bokmål som arbeidsverktøy i samskriving med andre, då det vil gjere skulekvardagen enklare. Er denne tilpassing noko nynorskstudentane vel å gjere, eller er det kanskje noko dei må gjere?

Problemstillinga for denne oppgåva handlar om kvifor lærarstudentar vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål, men er det eigentleg eit val studentane har? Studentane kunne bytt hovudmål frå nynorsk til bokmål ved tidlegare anledningar, så kvifor vel dei å gjere det akkurat no? Det kan vere at maktforholda til skriftspråka og dei språkpolitiske føringane som ligg til grunn ved høgare utdanning, gjer at studentane eigentleg ikkje har eit val. Fordi bokmål har ein større status enn nynorsken, er det meste av pensumet skriven på bokmål. Om nynorskstudentar vil halde på hovudmålet sitt, krev det ekstra arbeid med oversetting av pensum og notering i undervisning. Dette kan vere grunnen til at studentane byter hovudmål. Ut ifrå resultata mine kan ein i alle fall sjå ein tendens til at nynorskstudentane byter hovudmål til bokmål for å tilpasse seg medstudentar, undervisninga og pensum.

7.0 Avslutning

Føremålet med denne granskinga har vore å få ei innsikt i problemstillinga mi, *kvifor vel lærarstudentar ved Høgskulen på Vestlandet å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål?* Eg har prøvd å belyse problemstillinga ved hjelp av forskingsspørsmåla mine: *Kva er grunnane til bytet? Og Korleis skjer bytet?.* Spørjeundersøkinga har gitt meg ei oversikt over om det er fleire som byter hovudmål, og også om kva som er dei mest hyppige grunnane til bytet. Intervjua har gitt meg ein djupare innsikt og forståing for grunnane ein kunne lese ut ifrå spørjeundersøkinga. Avslutningsvis vil eg kome med ei konklusjon der eg oppsummera funna eg har gjort i granskinga. Til slutt vil eg kome med forslag til vidare forskning.

7.1 Kva er konklusjonen?

Det kom fram ulike grunnar til kvifor studentar valde å byte hovudmål. Innsikta studien gjev oss, kan gi samfunnet og høgskulesektoren viktig kunnskap om korleis ein kan leggje til rette for nynorskbrukarar, noko som vil vere primærverdien til studien. Når ein får innsikt i kvifor dei vel å byte, kan ein kanskje sette inn tiltak som kan førebyggje utviklinga. I tillegg vil innsikta gi informasjon om korleis ein kan leggje til rette for at lærarstudentar kan bli trygge språkbrukarar, slik at dei seinare kan vere med å utvikle trygge språkbrukarar på barne- og ungdomsskulen. Som lærar, har ein ansvar for dei grunnleggjande ferdigheitene som elevane skal lære seg. Kompetansemålet som tidlegare vart oppfatta som eit særleg ansvar for norskfaget, er i dag eit ansvar i alle fag (Rønne, et al., 2018, s. 37). Det vil seie at alle lærarar treng nødvendig språkkunnskap. Tidlegare har det vert gjort mykje forskning på hovudmålsbyte i grunnskulen og vidaregåande skule, men ikkje så mykje forskning om byte på vidare utdanning. Viss ein får innsikt i kvifor individ vel å byte så seint i studieløpet, kan ein kanskje vere med å førebyggje dei ulike årsakene allereie i grunnskulen.

Årsakene som er blitt presentert, kan ein i stor grad seie at er påverka av kvarandre. Som ein har sett i kapittel 5 og 6, er det mykje av dei same overordna årsakene som har vore bakgrunnen for dei ulike grunnane til hovudmålsbyte. Språkstatus og maktforhold er to omgrep som er blitt brukt for å forklare dei handfaste grunnane studentane har greia ut om. Haugen (1953) meinte at den sosiale prestisjen eller statusen eit språk har, er heilt sentralt i språkskifteprosessen. Noko ein kan sjå igjen i forkinga mi. Der sa den eine studenten blant anna at «[...]det er jo aldri eit alternativ å skrive på nynorsk når du skriv med andre fordi dei

klarer jo ikkje det. Dei reknar liksom med at det er lettare for oss å skrive på bokmål». Ut ifrå sitatet, kan det sjå ut til at kompetanseforskjellen som finst mellom nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar, er ein av grunnane til at nynorskbrukarar byter hovudmål. Den kompetanseforskjellen kan ein igjen, sjå som eit resultat av maktforskjellen dei to språka har. Bokmål er det språket som desidert blir brukt mest på landsbasis, og den sosiale statusen til språka blir derfor skeivfordelt.

Eit anna interessant funn i forskinga er at det kan sjå ut til at studentar, i alle fall dei studentane eg har intervjuet, ikkje nødvendigvis har bytt permanent. I utgangspunktet bytte student B fordi dei hadde så mykje felles arbeidskrav og gruppeoppgåver. I dei felles oppgåvene og arbeidskrava var det ikkje eit alternativ å skrive nynorsk, så studenten tilpassa seg majoriteten og skreiv på bokmål. Dette førte til at studenten til slutt enda opp med å skrive dei individuelle oppgåvene på bokmål også. Studenten valde å byte tilbake til nynorsk som hovudmål allereie eit år etter at hen først hadde bytta til bokmål, fordi hen tok ein studiepause. Den andre studenten ga også uttrykk for at hen kom til å byte tilbake til nynorsk etter at hen var ferdig med masteroppgåva si. Studenten hadde berre bytt hovudmål ved at hen skreiv masteren på bokmål, fordi medstudenten hen skreiv master i lag med hadde bokmål som hovudmål.

Studien avdekkjer også at bokmåleksponeringa nynorskstudentane blir utsett for, er ein påverkannde grunn til hovudmålsbyte. Sjølv om nynorsk er minoritetsspråket på landsbasis, kan nynorsk vere majoritetsspråket innanfor ulike samfunn. Viss ein til dømes kjem frå ein kommune med nynorsk som sitt undervisnings- eller skulespråk, vil ein kanskje vere vane med å møte nynorsk i skulekvardagen. Studentane som vart intervjuet kom begge frå område der nynorsk var majoritetsspråket, og kjente seg trygge i skriftspråket sitt. Då dei byrja på HVL derimot, møtte dei nynorsk i mindre grad enn tidlegare. Noko som truleg forklarar kvifor dei har bytt akkurat no. I motsetning til på grunnskulen og vidaregåande, var no undervisning og pensum på bokmål. I tillegg til at undervisning og pensum no var på bokmål, fortel studentane at dei tilpassa seg bokmålsbrukarane i felles gruppeoppgåver. Dei nytta seg av bokmål, fordi dei er flinkare i bokmål enn kva bokmålsbrukarane er i nynorsk. Ein kan med andre ord seie at nynorskbrukarane vert straffa for kompetansen dei har i sidemålet sitt, ved at dei ikkje får nytte hovudmålet sitt. I forskinga kan ein sjå at situasjonar med større bokmåleksponering kan vere med å påverka valet om å byte hovudmål for nokon, fordi det har blitt lettare å skrive bokmål. Det at det blir lettare å skrive bokmål, kan ein sjå på som eit resultat av mindretalsposisjonen til nynorsken. På grunn av mindretalsposisjonen, og dermed

maktforskjellane, vekslar ein så mykje mellom skriftspråka at det kan vere vanskeleg å gå tilbake til nynorsk, noko som var tilfellet for eine intervjuobjektet.

Basert på denne studien kan ein konkludere med at lærarstudentar som byter hovudmål frå nynorsk til bokmål i studietida si, ikkje nødvendigvis byter permanent, men at dei heller gjer eit pragmatisk byte. Det er noko som kan vere positivt for utviklinga til nynorsken viss det er slik at studentane faktisk byter tilbake til nynorsk seinare. Ein kan også seie at nynorskstudentane eigentleg ikkje har eit reelt val i det heile tatt, fordi språkstatusen og maktforskjellane gjer til at dei må byte. Når studentkvardagen blir eksponert for bokmål i så stor grad som det blir rapportert om, må dei kanskje byte for å gjere studenttilværa lettare.

Overordna kan ein seie at det er viktig for lærarstudentar å kunne meistre norsk skriftleg, både nynorsk og bokmål. Det er særleg viktig for lærarstudentar som studerer norsk, fordi språkopplæring er ein viktig del av norsklærarjobben, men det er også viktig og sentralt i dei andre faga i skulen. Språkleg bevisstheit blant lærarar, uavhengig av kva fag ein skal undervise i, vil vere viktig for skrivekompetansen elevane skal utvikle i dei enkelte faga. Det er derfor synd at samfunnet og institusjonane ikkje klara å leggje til rette for at nynorskbrukarar skal klare å halde på hovudmålet sitt, om dei har lyst til det.

7.2 Forslag til vidare forskning

I utforminga av problemstillinga og forskingsspørsmåla mine, var det fleire interessante sider ved hovudmålsbyte eg kunne tenkt meg å sett på. I utgangspunktet hadde drømmescenarioet for denne oppgåva vore å fått delt spørjeundersøkinga med alle lærarstudentar ved HVL, noko eg ikkje hadde ressursar til denne gongen. På den måten kunne ein sagt noko om kor mange prosent studentar som byter hovudmål frå nynorsk til bokmål. Då kunne forskinga kanskje vist meir enn berre tendensar til kvifor studentar byter hovudmål. Andre interessante sider som eg kunne tenkte meg å sett vidare på er: Kvifor vel nokon nynorskbrukarar å ikkje byte hovudmål, Finst det bokmålsbrukarar som vel å byte til nynorsk, og kvifor gjer dei det, Kvifor vel nynorskbrukarar generelt å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål og kvifor har ikkje studentar rett til å få undervisning på hovudmålet sitt slik som på lågare utdanning?

Kvifor vel nynorskbrukarar å ikkje byte hovudmål? Dette er ein innfallsvinkel som hadde sett på nynorskbrukarar på motsett måte av kva eg har gjort. Det hadde truleg vore lettare å finne studentar som vel å behalde hovudmålet sitt istadenfor å byte. Det kunne vore ein interessant

vinkel, då eg ikkje har sett noko særleg forskning på kvifor nynorskbrukarar vel å halde på skriftspråket sitt¹. Hadde ein fått større kunnskap om dette, kunne ein fått indikasjonar til kva ein burde fortsette å jobbe med i grunnskulen, i høgare utdanning og i samfunnet elles, slik at fleire nynorskbrukarar held på skriftspråket sitt.

Uansett om ein hadde sett på dei som vel å byte eller dei som vel å ikkje byte, hadde det vore interessant å sett på hovudmålsbyte frå nynorsk til bokmål hos studentar generelt, og ikkje berre lærarstudentar. Då kunne problemstillinga vore: kvifor vel nynorskbrukarar å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål? Om ein hadde undersøkt hovudmålsbyte frå nynorsk til bokmål blant studentar generelt, hadde ein kanskje fått inn fleire svar og ulike årsaker, enn når ein berre har eit lite utval studentar. Det som kunne vore interessant med denne problemstillinga, er at ein kunne fått ei oversikt over om det er nokon studieretningar som byter meir enn andre, og kanskje finne ut kvifor det er slik. Ein kunne også tatt forskinga om hovudmålsbytet frå nynorsk til bokmål eit steg større, og tatt for seg alle studentar og ikkje berre studentar innanfor HVL. Hadde ein gjort det, kunne det gjeve betre innsikt i om hovudmålsforma til institusjonen, der det fins ei, har noko å seie.

Ein kunne også snudd om på problemstillinga mi, og prøvd å finne ut om det finst bokmålsbrukarar som vel å byte hovudmål til nynorsk, og kvifor dei gjer det? Spørsmålet har eg fått eit par gonger frå medstudentar no i masterskrivinga. «Kvifor ser du ikkje på dei som byter frå bokmål til nynorsk òg?». Det er eit godt spørsmål, for det finst nok personar som byter den vegen også. Sjølv kjenner eg personar som har byta hovudmål frå bokmål til nynorsk i løpet av lærarutdanninga av ulike grunnar, noko som gjer at også den problemstillinga kan vere med å gi ny og viktig kunnskap om hovudmålsbyte.

Noko anna som kunne vore relevant å sett på, er kvifor studentar ikkje har rett til å få undervisning på hovudmålet sitt slik som på lågare utdanning? Opplæringa i grunnskulen skal vere med å sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, og at dei utviklar den språklege identiteten sin (Utdanningsdirektoratet, 2020). Eg vil derfor påstå at det er minst like viktig å ha undervisning i begge målformene på lærarutdanninga, som på ungdomsskulen eller vidaregåande skule. Når ein busett seg i ein kommune, er det ofte pålagt kva skriftspråk du skal bruke i undervisninga. Om ein ikkje føler seg trygg i skriftspråket ein skal undervise i, kan det gå ut over kvaliteten på undervisninga for elevane, spesielt om ein er norsklærer. I

¹ Janne Sønnesyn arbeider med ei doktorgradsavhandling om dette

tillegg er det jo interessant at skulen, for mange, er den einaste nynorskarenaen, og at ein då ikkje tar høgde for det når ein vel undervisningsspråk ved den høgare utdanninga. Universitet og høyskoleloven, presisera at institusjonane skal vere med å utvikle norsk fagspråk, men er det eigentleg noko som blir gjort viss studentar aldri har undervisning med nynorsk som skriftspråk?

Det er med andre ord fleire trådar ein kan ta vidare etter denne oppgåva. Trass i dette, sit eg igjen med ei større innsikt i korleis posisjonen til nynorsk eigentleg står til på landsbasis og hos HVL, og ikkje minst hos lærarstudentar. I tillegg til dette har eg fått mykje nyttig kunnskap om kvifor studentar vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål. Det er kunnskap eg vil ta med meg inn i min eigen profesjon som norskærar. Eg vil prøve å nytte meg av kunnskapen når eg skal utvikle den språklege identiteten til elevane, og i arbeidet med å sikre at dei blir trygge språkbrukarar.

Kjeldeliste

- Alfasoft. (1997). *What is NVivo?* <https://www.alfasoft.com/no/produkter/statistikk-og-analyse/nvivo.html>
- Baker, C. (2011). *Foundations of Bilingual Education and Bilingualism (5. utg.)*. Multilingual Matters.
- Braun, V., & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology* 3 (2), 77-101. DOI: 10.1191/1478088706qp063oa
- Brunstad, E. (2020). Det saumlause språkskiftet – om overgangar frå nynorsk til bokmål i Fjell. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 171–202). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
<https://doi.org/10.23865/noasp.106>
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving (7.utg.)*. Gyldendal Akademisk.
- De Nasjonale Forskningsetiske Komiteene. (2019, Februar 10). *Generelle forskningsetiske retningslinjer*. <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/generelle/>
- Eiksund, H. (2015). Mellom borken og veden - ungdom på jakt etter ein nynorsk identitet. I H. Eiksund, & J. O. Fretland (Red.), *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 36-61). Det norske samlaget.
- Eiksund, H. (2019). Språkpraksisar i randsona: Eit portrett av ein hovudmålsbytar. *Måbryting (10)*, s. 49-76. DOI: <https://doi.org/10.7557/malbr.2019.10>
- Fangen, K. (2010). *Deltagende observasjon (2.utg.)*. Fagbokforlaget.
- Forskingsetikklova. (2017). Lov om organisering av forskingsetisk arbeid (LOV-2017-04-28-23). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2017-04-28-23>
- Forskrift om målform i eksamensoppgåver. (1987). Forskrift om målform i eksamensoppgåver (FOR-1987-07-07-4148) <https://lovdata.no/forskrift/1987-07-07-4148>
- Foss, E. S. (2022, Januar 13). *1 av 9 har nynorsk som hovudmål i skolen*. Artiklar om elevar i

- grunnskolen: <https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elev-ar-i-grunnskolen/artikler/1-av-10-har-nynorsk-som-hovudmal-i-skolen>
- Furseth, I., & Everett, L. E. (2012). *Masteroppgaven: Hvordan begynne - og fullføre (2.utg.)*. Universitetsforlaget.
- García, O., & Wei, L. (2019). *Transspråking - språk, flerspråklighet og opplæring*. Cappelen Damm Akademisk.
- Garrett, P. (2010). *Attitudes to language*. Cambridge University Press.
- Gilje, N., & Grimen, H. (1993). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger - innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi (1.utg.)*. Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder (2.utg.)*. Fagbokforlaget.
- Grepstad, O. (2015). *Språkfakta 2015 - ei forteljing om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar*. Nynorsk Kultursentrum. <https://www.nynorsk.no/wp-content/uploads/2019/01/Spr%C3%A5kfakta-2015-bokversjon-END.pdf>
- Haugen, E. (1953). *The Norwegian language in America - a study in bilingual behavior 2*. University of Pennsylvania Press.
- Helset, S. J. & Brunstad, E. (2020). Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventingar mellom ungdomar i det nynorske kjerneområdet. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 93–118). Oslo: Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.106>
- Høgheim, S. (2020). *Masteroppgaven i GLU*. Fagbokforlaget.
- Høgskulen på Vestlandet. (2016, Mai 25). *Avtale om gjennomføring av fusjon mellom Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH)*. <https://www.hvl.no/contentassets/2028704b3cc349e39369f27595782a3d/fusjonsavtale-endeleg.pdf>
- Høgskulen på Vestlandet. (2018, April 26). *Språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen på Vestlandet*. 1) Overordna språkpolitikk: <https://www.hvl.no/om/sentrale->

dokument/reglar/sprakpolitiske-retningslinjer/

Høgskulen på Vestlandet. (2021, Februar 20). *Om Høgskulen på Vestlandet* .

<https://www.hvl.no/om/>

Jegteberg, I. M. (2021). *Von om betre tider? [Masteroppgåve, Høgskulen på Vestlandet]*

HVLOpen. <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/2770340>

Johannessen, L. E., Rafoss, T. W., & Rasmussen, E. B. (2018). *Hvordan bruke teori? Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Universitetsforlaget.

Johansen, I. (2005). Språkhaldningar og språkhandlingar. *Målbryting* (7), s. 61-88. DOI:

<https://doi.org/10.7557/17.4776>

Krogh, T. (2009). *Hermeneutikk - om å forstå og fortolke* (2.utg.). Gyldendal Akademisk.

Krumsvik, R. J. (2014). *Forskningsdesign og kvalitativ metode - ei innføring*. Fagbokforlaget.

Kunnskapsdepartementet. (2021, August 26). *Høyring Forslag til ny opplæringslov og endringer i friskolelova:*

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e069262e09fa47d2b8ef4ddb3d971d9e/horingsnotat-forslag-til-ny-opplaringslov-og-endringer-i-friskolelove.pdf>

Kvale, S. (2007). Introduction to Interview Research . I S. Kvale, *Doing interviews* (3.utg.) (s.

2-10). SAGE Publications. DOI: <https://dx.doi.org/10.4135/9781849208963.n6>

Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3.utg.). Gyldendal akademisk.

Langåker, S. O. (2016, Mai 31). Fekk eksamen på tulle-nynorsk: – Eg gir ikkje opp

nynorsken. *Framtida.no*. <https://framtida.no/2016/05/31/fekk-eksamen-pa-tulle-nynorsk-eg-gir-ikkje-opp-nynorsken>

Lægreid, S., & Skorgen, T. (2006). *Hermeneutikk - en innføring*. Spartacus forlag.

Ljosheim, V. (2016, Juni). Lovmål. *Norsk Tidend* (3), s. 16-19.

<https://issuu.com/norsktidend/docs/nt16nr03/1>

Lunde, K. (2020). Lokal majoritet, nasjonal minoritet: Ein studie av skrift- språkskifte i

- robuste nynorsk kommunar. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 119–144). Cappelen Damm Akademisk.
<https://doi.org/10.23865/noasp.106>
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner - Når språk møtes*. Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2008). Språk og identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand og H. Sandøy (red.) *Språkmøte - innføring i sosiolingvistik* (s. 105-127). Cappelen Damm Akademisk.
- Mæhlum, B., & Røynealand, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet*. Cappelen Damm.
- Milroy, L. (1980). *Language and social networks* (2.utg.). Blackwell Publishers.
- Myklebust, H. (2015). «Nynorsk er jo heilt konge då, men [...]»: Identitetshandlingar i argumenterande tekstar på vidaregåande trinn. I H. Eiksund, & J. O. Fretland (red.), *Nye røyster i nynorskforskinga* (pp. 62-77). Samlaget.
- NESH. (2021, Desember). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*. Åpenhet om finansiering, roller og interesser:
<https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/>
- Neteland, R. (2020). Kvalitative intervju i norskfaglige oppgaver. I R. Neteland, & L. I. Aa (red.), *Master i norsk - metodeboka 2* (s. 50-65). Universitetsforlaget.
- Norsk Målungdom. *Om NMU*. Norsk Målungdom (NMU):
<https://malungdom.no/organisasjon/>
- Norsk senter for forskingsdata. *Hva er en personopplysning?* Fyll ut meldeskjema for personopplysninger: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger>
- Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61>
- Postholm, M. B. (2010). *Kvalitativ metode: en innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier* (2.utg.). Universitetsforlaget.

- Postholm, M. B., & Jacobsen, D. I. (2018). *Forskningsmetode for masterstudenter i lærerutdanning*. Cappelen Damm Akademisk.
- Proba. *Om oss*. Medarbeidere og kompetanse: <https://proba.no/om-oss/>
- Prop. 108L (2019-2020). Lov om språk (Språklova). Kulturdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/92c0cb2b20ba4d2aac3c397c54046741/nm-no/pdfs/prp201920200108000dddpdfs.pdf>
- Røynealand, U. (2008). Språk- og dialektkontakt. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand, & H. Sandøy (red), *Språkmøte: innføring i sosiolingvistikk* (s. 47-72). Cappelen Damm Akademisk.
- Røynealand, U., Lohndal, T., Sandvik, H., Harsvik, W., Sollid, H., Rana, S., & Soldal, H. A. (2018, Oktober 18). Språk i Norge - kultur og infrastruktur. *Språkrådet*.
<https://sprakinorge.no/wp-content/uploads/Spra%CC%8Ak-i-Norge-%E2%80%93-kultur-og-infrastruktur.pdf>
- Saldaña, J. (2013). *The coding manual for qualitative researchers* (2.utg.). SAGE.
<https://emotrab.ufba.br/wp-content/uploads/2020/09/Saldana-2013-TheCodingManualforQualitativeResearchers.pdf>
- Sønnesyn, J. (2018). Danningsperspektiv på språkskiftet. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* 102 (4), s. 301-311. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2987-2018-04-02>
- Sønnesyn, J. (2020). Skulen som språkplanleggar: Kva seier ungdomssku- leelevar om vilkåra for å læra nynorsk som hovudmål? I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 203–233). Cappelen Damm Akademisk.
<https://doi.org/10.23865/noasp.106>
- Schei, T. B. (2007). *Vokal identitet: En diskursteoretisk analyse av profesjonelle sangeres identitetsdannelse* [doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen]. BORA:
https://bora.uib.no/bora-xmlui/bitstream/handle/1956/2549/Dr.Avh._Tiri_B_Schei.pdf?sequence=1&isAllowed=y
- Språkrådet. (2017, November 13). *Kunnskapsdepartementet – om målbruksarbeidet i*

universitets- og høgskolesektoren.

<https://khrono.no/files/2017/12/27/Malbruksarbeidet%20i%20universitets-%20o%20g%20h%C3%B8gskolesektoren%20-%20Spra%CC%8Akra%CC%8Adet.pdf>

Staalesen, P. D. (2014, Juni). Undersøkelse av nynorsk som hovedmål. (Proba-appeal nr. 2014 - 7) *Proba samfunnsanalyse*.

https://www.udir.no/globalassets/upload/forskning/2014/probarapport-2014-07-undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal_med-justerte-tabeller.pdf

Stjernholm, K. (2020). Spørreundersøkelser i norskdidaktiske masteroppgaver. I R. Neteland, & L. I. Aa (red), *Master i norsk - metodaboka 2* (s. 68-86). Universitetsforlaget.

Stoltenberg, C. (2022, Januar 26). *Store Norske Leksikon*. <https://snl.no/deskriptiv>

St.meld. nr.35 (2007-2008) Mål og mening— Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Kultur- og kirke departementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/?ch=1>

SurveyXact. (n.d.). *Om Oss: SurveyXact*. SurveyXact by Ramboll: <https://www.surveyxact.no/om-oss/>

Svedal, M. G. (2022, Januar 7). NRK greidde nynorskkravet i 2021: – Det skulle berre mangla. *NRK*: https://www.nrk.no/vestland/nrk-nadde-malet-om-25-prosent-nynorsk-i-2021-_-kringkastingssjef-eriksen-er-svaert-glad-1.15798148

Svendsen, N. V. (2019, Juli 26). Nynorsk: Ni av ti universiteter oppfyller ikke lov om målbruk. *Khrono*: <https://khrono.no/bokmal-malbruk-malbruksstatistikk/nynorsk-ni-av-ti-universiteter-oppfyller-ikke-lov-om-malbruk/293426>

Tabouret-Keller, A. (1997). Language and identity. I F. Coulmas, *The Oxford Handbook of Sociolinguistics* (s. 315-326). Oxford University Press Inc

Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse - innføring i kvalitative metoder (5.utg.)*. Fagbokforlaget.

Thingnes, J. S. (2021). Å velje eit minorisert språk: mellom språkpolitiske ideal og språkleg realitet. *Maal og Minne 112* (2), s. 127-168.

<http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1902>

Tjora, A. (2021, Februar 18). *Akkulturasjon*. Store norske leksikon:

<https://snl.no/akkulturasjon>

Tjora, A. H. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis (4.utg.)*. Oslo: Gyldendal.

Universitet og høyskoleloven – uhl. (2005). Lov om universiteter og høyskoler (LOV-2005-04-01-15). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2005-04-01-15/§1-7>

Utdanningsdirektoratet. (2020). *Grunnleggjande ferdigheiter*. Overordna del:

<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/grunnleggende-ferdigheter/?lang=nno>

Utdanningsdirektoratet. (2020). *Utdanningsdirektoratet - læreplanverket*. Overordna del -

Identitet og kulturelt mangfold: <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/1.2-identitet-og-kulturelt-mangfold/?lang=nob>

Wold, I. (2020, Januar 13). Kvifor ikkje nynorsk? *Målbryting*, pp. 77-99.

Wold, I. (2020). *Kvifor ikkje nynorsk? Mekanismar og årsaker - Ein metaanalyse av sju studiar om den nynorske lekkasjen i randsoner* [Masteroppgåve, Norges teknisk-

naturvitenskaplige universitet]. Ntnuopen. <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2565094/Ingrid%20Wold%2C%20masteroppgave.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Vedlegg

Vedlegg 1: NSD-godkjenning

11.05.2022, 12:02

Meldeskjema for behandling av personopplysninger



Vurdering

Referansenummer

897743

Prosjekttittel

Ηοπαδμ Στβημε βλοντλ ρορσδεντωρπεδ Ης Λ

Behandlingsansvarlig institusjon

Η/γσκυλεν πΣςεσθονδετ/ Φοικυλετφορλ ρερωδαννινγ, κυλωρογ ιδρεττ/ Ινσιτυτφορσινδς, λιτερωρ μ αεμ αικκ ογ τολκινινγ

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Θρωνν Σιμ ονσεν Τηινγνεα Θρωνν.Σιμ ονσεν.Τηινγνεα ηωλο, τηφ 95098951

Type prosjekt

Σωδενπιροαφκτ μ ασερσωδιωμ

Kontaktinformasjon, student

ς Σριν Εκελανδ, παρνεκελανδε γμ αιλχομ, τηφ 95168648

Prosjektperiode

25.08.2021 – 15.05.2022

Vurdering (1)

16.09.2021 - Vurdert

Δετερσρτωρδερινγ απ βεηανδλινγεν αππερσονοπλιμσινγερνι προσφκτετ παλφ ρε ι σσιμ σσωρμ εδ περσνπερνοπλιμσινγερνι σσφμε τδεν γφωνομ φ/ρεσι φσδ μ εδ δετ σσιμ ερδοκυμ εντερι μ ελδεσκφμ αετμ εδ πεδλεγγ δεν 16.9.2021, σσιμ τι μ ελδινγδιωλογεν μ ελομ ιννμ ελδερογ ΝΣΔ. Βεηανδλινγεν καν σσωρε.

ΤΨΤΕ ΟΠΠΛΨΣΝΙΝΓ ΕΡ ΟΓ ς ΑΡΙΓ ΗΕΤ

Προσφκτετ παλβεηανδλε ομ ιννελιγε καεγομερσπερσονοπλιμσινγερφμε παλ15.5.2022.

ΛΟς ΛΙΓ ΓΡΥΝΝΛΑΓ

Προσφκτετ παλιννηνετ σσιμ τικκε φραδε ρεγισπερε παλβεηανδλινγεν αππερσονοπλιμσινγερ ς Σρτωρδερινγ ερ αππροσφκτετλεγγεροσιπ αλετ σσιμ τικκε ι σσιμ σσωρμ εδ κρωπενε ι ορτ 4 ογ 7, πεδ απδετερεν φριπαλιγ, σσεαφικκ, ινφορμ ερτ ογ υπεαηδιγ βεκρεφελεσ σσιμ καν δοκυμ εντερεσ ογ σσιμ δεν ρεγισπερε καν φρεκκε παλβοκε.

Λοσθινγ γρυννλαγ φορβεηανδλινγεν παλδεριμ εδ φ ρε δεν ρεγισπερεσ σσιμ τικκε, φη περσνπερφορρδινγινγεν ορτ 6 νρ 1 βοκσσωα.

ΓΕΡΣΟΝς ΕΡΝΙΡ ΙΝΣΙΠΤΕΡ

<https://meldeskjema.nsd.no/vurdering/61265570-bf2d-4fa4-9ee0-92bb1e2b6416>

1/2

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), og dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

SurveyXact er databehandler i prosjektet. NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema spørjeundersøking

Vil du delta i forskingsprosjektet «Hovudmålsbyte blant lærarstudentar ved HVL»

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt kor formålet er å finne ut kvifor lærarstudentar ved HVL vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål. I dette skrivet gir eg deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebere for deg

Formål

Dette prosjektet er eit masteroppgåve som eg skal gjennomføre som mi avsluttande oppgåve på grunnskulelærerutdanninga. Det er gjort ein del forskning om kvifor elevar på lågare utdanningsnivå har valt å byte hovudmål, men det er ikkje gjort noko forskning på høgare utdanning. Problemstillinga mi er følgjande, «kvifor vel lærarstudentar ved Høgskulen på vestlandet å gjere eit hovudmålsbyte frå nynorsk til bokmål?».

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Prosjektet er, som nemnt tidlegare, ei masteroppgåve på grunnskulelærerutdanninga i norskfaget ved Høgskulen på vestlandet, og det er eg og rettleiar min Jorunn Simonsen Thingnes og medrettleiar Samuele Mascetti som er ansvarlege for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Du får spørsmål om å delta i dette prosjektet fordi du er lærarstudent som har bytt frå nynorsk som hovudmål til bokmål medan du var student ved HVL. Eg har sendt ut spørjeundersøkinga mi til ulike studentgrupper som har ei tilknytning til HVL, så det er eit tilfeldig utval av kven som vel å svare på undersøking.

Kva inneber det for deg å delta?

Viss du vel å delta i prosjektet, inneber det at du fyller ut eit spørjeskjema. Det vil ta deg ca. 3-8 minutt. Spørjeskjema inneheld spørsmål som er retta mot kvifor du har valt å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Viss du vel å delta kan du undervegs trekkje samtykket utan å oppgje nokon grunn. Etter at du har sendt inn spørjeskjema kan du dessverre ikkje trekkje deg lenger då undersøkinga er anonym og eg ikkje har tilgang til å vite kven som har svart kva. Alle opplysningar

om deg vil bli anonymiserte. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg viss du ikkje vil delta, eller vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis eg oppbevarar og brukar dine opplysningar

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til formåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt, og i samsvar med personvernregelverket. Det er meg og rettleiarane mine som vil ha tilgang til personopplysningane.

Opplysningane som blir gitt i spørjeskjema blir behandla konfidensielt. Den tekniske gjennomføringa av spørjeskjemaundersøkinga blir føretatt av SurveyXact. Eg får utlevert data frå SurveyXact utan tilknytning til IP-adresse, og opplysningane som kjem inn blir anonymiserte.

Kva skjer med opplysningane dine når eg avsluttar forskingsprosjektet?

Når prosjektet blir avslutta, rundt 1.august 2022, vil alle opplysningar som eg har samla inn bli sletta.

Rettane dine

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og få utlevert ein kopi av opplysningane
- å få retta personopplysningar om deg
- å få sletta personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandling av dine personopplysningar

Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Eg behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på vestlandet har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS – vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Viss du har spørsmål til studiet, eller vil nytte deg av rettane dine, ta kontakt med:

- Høgskulen på vestlandet ved Vårin Ekeland – 95168648 (varinekeland@gmail.com) eller rettleiar Jorunn Simonsen Thingnes – 95098951 (Jorunn.Simonsen.Thingnes@hvl.no)
- Vårt personvernombod: Trine Anikken Larsen, trine.anikken.larsen@hvl.no.
Telefon: 91365920 eller jobbtelefon: 55587682

Viss du har spørsmål knytt til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Jorunn Simonsen Thingnes
(Forskar/rettleiar)

Vårin Ekeland
(student)

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «hovudmålsbyte blant lærarstudentar ved HVL», og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykkjer til:

- å delta i spørjeundersøking

Eg samtykkjer til at opplysningane mine blir behandla fram til prosjektet er avslutta, 1.august 2022.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vil du delta i forskingsprosjektet «Hovudmålsbyte blant lærarstudentar ved HVL»

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt kor formålet er å finne ut kvifor lærarstudentar ved HVL vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål. I dette skrivet gir eg deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebere for deg

Formål

Dette prosjektet er eit masteroppgåve som eg skal gjennomføre som mi avsluttande oppgåve på grunnskulelærerutdanninga. Det er gjort ein del forskning om kvifor elevar på lågare utdanningsnivå har valt å byte hovudmål, men det er ikkje gjort noko forskning på høgare utdanning. Problemstillinga mi er følgjande, «kvifor vel lærarstudentar ved Høgskulen på vestlandet å gjere eit hovudmålsbyte frå nynorsk til bokmål?».

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Prosjektet er, som nemnt tidlegare, ei masteroppgåve på grunnskulelærerutdanninga i norskfaget ved Høgskulen på vestlandet, og det er eg og rettleiareren min Jorunn Simonsen Thingnes og medrettleiar Samuele Mascetti som er ansvarlege for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Du får spørsmål om å delta i dette prosjektet fordi du har fylt ut spørjeundersøkinga mi om kvifor du som lærarstudent har bytt frå nynorsk som hovudmål til bokmål, og låg igjen e-posten din for eit oppfølgingsintervju.

Kva inneber det for deg å delta?

Viss du vel å delta i prosjektet, innebera det at du vil bli intervjuet av meg. Eg vil spør litt meir rundt valet du har gjort, og kva som fekk deg til å byte. Intervjuet vil vere på rundt 30-60 minutt. Det vil bli tatt lydopptak for å sikra at alle opplysningar vil vere korrekte.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Viss du vel å delta kan du når som helst trekkje samtykket utan å oppgje nokon grunn. Alle opplysningar om deg vil bli anonymisert. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg viss du ikkje vil delta, eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis eg oppbevarar og brukar dine opplysningar

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til formåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt, og i samsvar med personvernregelverket. Det er meg og rettleiarane mine som vil ha tilgang til personopplysningane.

I intervjuet blir namna til intervjuobjekta erstatta med ein kode, og det vil ikkje vere mogleg å identifisere deltakarane.

Kva skjer med opplysningane dine når eg avsluttar forskingsprosjektet?

Når prosjektet blir avslutta, rundt 1.august 2022, vil alle opplysningar som eg har samla inn bli sletta.

Rettane dine

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og få utlevert ein kopi av opplysningane
- å få retta personopplysningar om deg
- å få sletta personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandling av dine personopplysningar

Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Eg behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på vestlandet har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS – vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Viss du har spørsmål til studiet, eller vil nytte deg av rettane dine, ta kontakt med:

- Høgskulen på vestlandet ved Vårin Ekeland – 95168648 (varinekeland@gmail.com) eller rettleiar Jorunn Simonsen Thingnes – 95098951 (Jorunn.Simonsen.Thingnes@hvl.no)
- Vårt personvernombod: Trine Anikken Larsen, trine.anikken.larsen@hvl.no.
Telefon: 91365920 eller jobbtelefon: 55587682

Viss du har spørsmål knytt til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Jorunn Simonsen Thingnes
(Forskar/rettleiar)

Vårin Ekeland
(student)

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «hovudmålsbyte blant lærarstudentar ved HVL» og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju

Eg samtykkjer til at opplysningane mine blir behandla fram til prosjektet er avslutta, 1.august 2022.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 4: Spørjeundersøking

Hei!

Denne spørjeundersøkinga har som formål å sjå på kvifor lærarstudentar ved HVL vel å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål. Du vil derfor bli stilt spørsmål som kan vere med på å gi meg ei større forståing for kvifor studentar byter hovudmål. Undersøkinga vil ta ca 5 minutt å besvare, og alle svara vil vere anonymiserte.

Resultata vil bli brukt i ei masteroppgåve, og svara vil bli handtert med fortrulegheit. Undersøkelsesverktøyet SurveyXact følgjer GDPR-standarar, og heile spørjeundersøkinga er anonymisert. Det vil ikkje vere mogleg å få sletta opplysningane etter at du har levert skjemaet, men du kan når som helst forlate undersøkinga undervegs, og opplysningane vil då ikkje bli lagra. Om du vil lese meir om GDPR, kan du lese her.

Ved å gå vidare i dette spørjeskjemaet, gir du samtykke til at eg kan inkludere svara dine i masteroppgåva mi. Du kan trekkje tilbake samtykket undervegs ved å lukke undersøkinga før du har fullført ho. Dersom du ynskjer innsikt i den endelege oppgåva, eller har nokon spørsmål om undersøkinga, er du velkommen til å ta kontakt med meg. Det kan du gjere ved å sende ein mail til varinekeland@gmail.com

Mvh

Vårin Ekeland

Samtykker du til at opplysningane dine blir behandla fram til prosjektet er avslutta 1.august 2022?

- (1) m Ja, eg samtykkjer til at opplysningane mine blir behandla fram til prosjektet er avslutta
- (2) m Nei, eg samtykkjer ikkje til at opplysningane mine blir behandla fram til prosjektet er avslutta

Er du lærarstudent ved HVL no?

- (1) m Ja
- (2) m Nei

Er du mann eller kvinne?

- (1) m Mann
- (2) m Kvinne
- (3) m Anna

Kor gamal er du?

- (1) m 19-30
- (4) m 30-40
- (2) m 40-50
- (3) m 50+

Kva område kjem du frå?

- (1) m Vestlandet
- (4) m Austlandet
- (5) m Nord-Noreg
- (6) m Trøndelag
- (7) m Sørlandet

Kva er opplærings-/skulespråket i området du kjem frå?

(1) m Nynorsk

(2) m Bokmål

Ved kva campus studerer du?

(1) m Stord

(2) m Bergen

(3) m Sogndal

Har du studiepoeng i norsk?

(1) m Ja

(2) m Nei

Om ja, har du fått dei studiepoenga ved HVL?

(1) m Ja

(2) m Nei

Er masterfaget ditt norsk?

(1) m Ja

(2) m Nei

Har du bytt hovudmål frå nynorsk til bokmål medan du var HVL student?

(1) m Ja

(2) m Nei

Når bytte du?

- (1) m Sommaren før eg byrja på høgskulen
- (2) m I løpet av 1.året
- (3) m I overgangen til eller i løpet av 2.året
- (4) m I overgangen til eller i løpet av 3.året
- (5) m I overgangen til eller i løpet av 4.året
- (6) m I overgangen til eller i løpet av 5.året

På kva måte har du bytt frå nynorsk til bokmål?

- (1) q I studentweb
- (2) q På eksamensoppgåver
- (6) q På arbeidskrav
- (3) q Notat i timane
- (7) q I samskriving med andre (felles arbeidskrav, gruppeoppgåver o.l.)
- (4) q På fritida
- (5) q Anna: _____

Kva var grunnen til byttet?

- (1) q Lettare med bokmål
- (2) q Press frå andre
- (3) q Stor eksponering for bokmål
- (4) q Samsvarer best med dialekta mi

(5) q Gunstig med tanke på framtidig jobb

(6) q Anna: _____

Har du bytt hovudmål tidlegare?

(1) q Ja, frå nynorsk til bokmål

(2) q Ja, frå bokmål til nynorsk

(3) q Nei

Viss ja, når har du bytt hovudmål tidlegare?

(1) q I løpet av barneskulen

(2) q Ved overgangen frå barneskule til ungdomsskule

(3) q I løpet av ungdomsskulen

(4) q Ved overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande

(5) q I løpet av vidaregåande

(6) q I overgangen til studietida

Før du bytte, fekk du nokon reaksjonar på at du var nynorskbrukar?

(1) m Ja

(2) m Nei

Viss ja, var reaksjonane positive eller negative?

(1) m Positive

(2) m Negative

Kva skriftspråk synest du er enklast å lesa?

- (1) m Nynorsk
- (2) m Bokmål
- (3) m Like enkle

Kva skriftspråk likar du best å lesa?

- (1) m Nynorsk
- (2) m Bokmål
- (3) m Likar dei like godt

Kva skriftspråk synest du er enklast å skriva?

- (1) m Nynorsk
- (2) m Bokmål
- (3) m Like enkle

Kva skriftspråk likar du best å skriva?

- (1) m Nynorsk
- (2) m Bokmål
- (3) m Likar dei like godt

Dialekta du snakkar, liknar den mest på bokmål eller nynorsk?

- (1) m Bokmål
- (2) m Nynorsk

(3) m Usikker

Tenkjer du å busette deg på ein nynorskdominert eller bokmålsdominert stad?

(1) m Nynorskdominert stad

(2) m Bokmålsdominert stad

(3) m Nøytralt område (like mykje bokmål og nynorsk)

(4) m Har ikkje tenkt så langt endå

(5) m Eg veit ikkje kva skriftspråk som dominerer på staden eg har tenkt å busette meg

Har du noko anna å tilføye?

Eg er på leit etter 3 studentar som kan delta i eit oppfølgingsintervju. Om du kan hjelpe meg med dette, legg igjen e-posten din, så tek eg kontakt.

Takk for at du deltok i undersøkinga mi!

Intervjuguide masterprosjektet

- Kan du fortelje litt om kvifor du valte å byte hovudmål?
 - Kortid byta du, og kvifor akkurat då?
 - På kva måte byta du, og kvifor?
 - Har du vurdert å byte tidlegare, eller har du byta tidlegare?
 - Var det personleg vanskeleg for deg å byte? Kvifor/kvifor ikkje?

- Kan du fortelje litt om forholdet ditt til nynorsk?
 - Står nynorsk sterkt der du kjem frå?
 - Kor lenge skreiv du nynorsk før du byta?

- Trur du studiestaden har påverka valet ditt? Korleis?
 - Kva skriftspråk er det som er blitt mest brukt i undervisninga?
 - Kva skriftspråk blir mest brukt i pensum?
 - Har lærarane i dei ulike faga du har hatt, hatt noko fokus på språket som blir brukt?

- Har du nokon tankar om kvar du vil busette deg i framtida, og er det valet relatert til målforma?
 - Spelar målforma på den framtidige arbeidsplassen di ei stor rolle?
Kvifor/kvifor ikkje?

- I overordna del står det at grunnskuleopplæringa skal sikre at elevane blir trygge språkbrukarar utavhengig av fag, er dette noko som er blitt tematisert i utdanninga di?
 - Var du klar over dette ansvaret?
 - Kva tenkjer du om dette ansvaret no når du er klar over det?

- Har du noko anna du vil tilføre som du trur vil vere relevant for oppgåva?